



Stølar i Stølsheimen

Fylkeskonservatoren
i Hordaland
Registreringsrapport nr. 5

Stolar i Stølsheimen

Registreringsrapport nr. 5

Redaksjon: Nils Georg Brekke

Utarbeidd av Arne H. Ingvaldsen, Målfrid Nyrnes og Svein Mjåtvædt
på grunnlag av registering av faste kulturminne i Modalen,
Høyanger og Vik kommunar.

Stol nr. 1–6 og nr. 29–40:

Registrert i 1975 av Arne H. Ingvaldsen og Arild Roar Rasmussen.

Utteikning av oppmålingane og utforming av rapporten
ved Arne H. Ingvaldsen.

Stol nr. 7–28:

Registrert i 1977 av Svein Mjåtvædt og Amund Vik.

Utteikning av oppmålingane og tilrettelegging av registreringsmaterialet
ved Målfrid Nyrnes.


Lay-out: Arne H. Ingvaldsen, Målfrid Nyrnes og Nils Georg Brekke.

Framsidefoto: Alrekstølen. Helge Sunde.

Fylkeskonservatoren i Hordaland

Bergen 1979.

KART OVER STØLAR I STØLSHEIMEN



O Støl. ● Støl registrert i 1975. ○ Støl registrert i 1977.

Kartet gjev eit oversyn over mengda av stolar i heile området, men ein må ta etterhald om at ikkje alle stolar er avmerkte på dette kartutsnittet. NGO 1501. Målestokk 1:250 000. (68% forminsking.) Attgjeve med løyve frå NGO.

INNHOLD

FORORD	
Fylkeskonservator Nils Georg Brekke	4
KART OVER STØLANE	2/20
1.0 MÅL OG METODE FOR REGISTRERINGANE	6
2.0 STØLSDRIFT I STØLSHEIMEN	
Arne H. Ingvaldsen	7
2.1 STØLSDRIFTA I GARDSHUSHALDET	
Svein Mjåtveldt	8
3.0 TREKK FRÅ BYGGESKIKKEN	
3.1 Stølen og landskapet	
Arne H. Ingvaldsen	12
3.2 Byggeskikken i høve til jordsmønn, vegetasjon og klima	
Målfrid Nyrnes	13
3.3 Byggeskikken og dei einskilde bygningane	
Arne H. Ingvaldsen og Målfrid Nyrnes	15
4.0 NYE INTERESSER – ENDRINGAR	
Arne H. Ingvaldsen	18
5.0 AKTUELLE TILTAK	
Arne H. Ingvaldsen	19
6.0 DEI EINSKILDE STØLANE	21

FORORD

I Stølsheimen, ein gong eit sentralt beiteområde for bygdelaga på både sider av fjellet, står det idag rekker av tomme stølshus, ute av bruk, salryggja og i forfall. Kulturlandskapet og stølsvollane er i ferd med å gro til. Det er andre ressursar enn dei organiske vår tid er ute etter.

Dei gamle stølane er ein del av kulturlandskapet og har ein klar miljøverdi i dette fine turområdet, men saka har også ei nasjonaløkonomisk side. Dei gamle bygningane representerer ein kapital som øydest. Når vi ser på dei store summane vi år om anna investerer i fritidshus som står tomme store deler av året, slår det ein at noko av denne investeringsvillige kapital må kunna kanaliserast over i andre banar i samband med rehabilitering av stølsanlegg i områder med høg rekreasjonsverdi, på ein slik måte at sesongmessig utleige kan gje inntekter for grunneigar og forrenta investert kapital. Det må vera viktig at ein kan nyta ut dei bygningane som frå gammalt står i fjellet og ikkje fyller opp med hytter på kvar knaus.

Dei fleste aktuelle stølsanlegga ligg i Sogn, men Stølsheimen er eit så sentralt friluftsområde for Nordhordlandsbygdene og Bergensregionen at det er naturleg med eit samarbeid over fylkesgrensa om ein plan for rehabilitering og bruk av gamle stølar, enten det gjeld å ta opp gamle beite eller nyta ut stølane til fritidsformål. Planen tek sikte på å samordna grunneigarinteresene med kulturvern- og friluftsinteresser, og vil utgjera ein kulturhistorisk del av ein heilskapsplan for Stølsheimen.

På grunn av fysisk forfall og utbyggingsplanar hastar det med å få igang tiltak, og denne rapporten legg fram materialet frå ei registrering av 40 stølsanlegg i sentrale deler av Stølsheimen, frå Modalen til nordre del av området mellom Finnfjordbotn og Ornevik.

Rapporten byggjer på Stølsheimplanen av 1969, og inneholder eit detaljert registreringsmateriale som vil danna grunnlag for ein tiltaksplan og konkrete restaureringsplanar for dei einskilde anlegg, med utarbeiding av kostnadsrammer og framlegg til finansiering.

Registreringsarbeidet er lagt opp i samarbeid mellom fylkeskonservatorane

i Hordaland og Sogn og Fjordane, innanfor ramma av registrering av faste kulturminne i Norge, med tilskott frå Miljøverndepartementet. I tillegg til grunnlagsregisteringa er det også utført oppmåling av alle stølsanlegg, for å samla breiast mogeleg dokumentasjon som grunnlag for vidare vernearbeid og bygningshistorisk/ lokalhistorisk forsking.

Registreringsarbeidet i 1975 er utført av arkitekt Arne H. Ingvaldsen og stud.polit. Arild Roar Rasmussen. Utteikning av oppmålingane er utført av Arne H. Ingvaldsen, som også har ansvaret for utforming av rapporten og planutkastet.

Registreringsarbeidet i 1977 er utført av arkitekt Amund Vlk og stud.mag.art. Svein Mjåtvædt. Sistnemnde har hatt ansvaret for det historisk/etnologiske bakgrunnsmaterialet. Kjeldegrunnlaget for stølsbruken kviler på ei rekke intervju med informantar frå gardane på Sognesida. Arkitekt Målfrid Nyrnes har teikna ut dei fleste av oppmålingane, og har hatt ansvar for tilrettelegging av heile registreringsmaterialet for trykking.

Arbeidet er utført med tilskott frå Miljøverndepartementet og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Ein plan for rehabilitering og bruk av stølar i Stølsheimen bør vera eit godt grunnlag for grunneigarane til variert utnytting av området, både for fiske, fangst og utleigeformål, og bør kunna verta eit verdfullt frilufts- og rekreasjons-tilbod både for bygd og by. Det er å vona at dei gamle stølane vil gjera Stølsheimen til eit attraktivt område ikkje berre for tradisjonell fjellvandring, men i større grad åpna for familieturisme. Ei organisering av grunneigarinteresser og brukarinteresser bør vera neste steg i ei slik utnytting av Stølsheimen, der også dei kulturhistoriske verneinteressene er med i biletet.

Bergen 31. januar 1979

Nils Georg Brekke
Fylkeskonservatoren i Hordaland

1.0 MÅL OG METODE FOR REGISTRERINGANE




Fig. 1 Avgrensing av Stølsheimen og kringliggjande bygdelag.




Fig. 2 Avgrensing av registreringsområdet.



Fig. 3 Område verna mot kraftutbygging.
(Anslagsvis avgrensning).

Målsetjinga for registreringane som vart utførde 22/7 – 8/8 1975 og 9/8 – 27/8 1977 var:

- 1) Å leggja fram eit arbeidsgrunnlag for vidare planlegging i Stølsheimen, særleg med tanke på vern og ny bruk av stølar.
- 2) Å dokumentera fysiske kulturminne som er truga av kraftutbygging eller forfall.
- 3) Å gje eit mest mogleg fullstendig oversyn over stølar i Stølsheimen.

Registreringsområdet er avgrensa slik:

Dei sentrale områda som er verna for kraftutbygging, dalføra Vørringdal, og Bærdalen-Stordalen. Frå denne indre, sentrale delen registrerte ein så langt råd var nedover i Modalen kommune (øvste krins) på Hordalandssida. Ved dette fekk ein med Steinslandsheimen, som vert overfløymd ved oppdemminga av Stølsvatna.

Vidare har registreringa omfatta stølane i Vik kommune i Sogn og Fjordane fylke, mellom fylkesgrensa og Fidnafjord-Arnafjord.

Registreringsmetoden har følgt eit standard opplegg for registrering av faste kulturminne (kode-skjema, fotografering, kartfesting). I tillegg er det også gjort særskilde registreringar (topografiske skisser, og tekstar, oppmålingar utan nivelllement C-standard) og teknisk beskrivelse for kvart hus. Tilleggsregistreringane skal særleg tena planlegginga, og gje eit grunnlag for vølings- og vernetiltak gningar, og for vurderinga av miljøkvalitetane omkring dei.

2.0 STØLSDRIFT I STØLSHEIMEN

Arne H. Ingvaldsen



Fig. 4 Stølshelg på Steinslandsstølen. Foto utlånt ved Johan O. Dale.

Stølsheimen er fjellområdet mellom Sognefjorden i nord og Vossavassdraget i sør. Grensene mot aust og vest er meir flytande, men går gjennom kommunane Voss-Vik og Masfjord-Gulen. Kartet viser at området innehold ei stor mengd stølar. Stølsdrifta har vore ein viktig del av økonomien til dei tradisjonelle hushalda i desse bygdene. Kor langt tilbake stølane har vore drivne, gjev ikkje registreringane opplysningar om. Dei fleste bygningane er under 100 år, men stølsstadene er nok ofte mykje eldre.

Mange av stølane ligg nær heimegardane, gjerne innafor ein times gangavstand (nr. 8–18), i skogbeltet. Døme er Steinslandsstølen (nr. 8), som også blir kalla «heimestølen». Nokre av dei nære stølane vart nytta berre tidleg på våren. Når beitet der tok slutt, flytta dei om sommaren opp på stølar som låg lengre borte. Døme her er Vårstølen – Nystølane (nr. 18–11, 12). Somme stølar nær bygda i Modalen har og meir eller mindre vore eigne geitestølar (nr. 8, 12, 14, 16).

Men nokre stølar ligg mange timars gange frå bygda, med vanskelege og farlege bufarsvegar. Dette gjeld stølane i det indre området i Vøvringsdalen – Bærdalen/Stordalen (nr. 1–7, 9). Desse ligg i snaufjellssonane, eller øvst i den. Frå Solrenningane kjenner vi at folket frå Ortnevik hadde ein bufarsveg på 8 timer. I stølstida gjorde dei kløvferder med hest opp i helgene. Dei kom då med matvarer og utstyr frå bygda, og vende tilbake med fisk, fjellsmør og rømme. I kløven, er det fortalt, måtte dei då ha smedutstyr til å sko hestane underveis.

Tradisjonelt var stølstida frå byrjinga av juli (14 dagar etter jonsok) og fram til laurdagen nærmast

3.–4. september. Det hende dei var ei veke ekstra, men dette førde alltid med seg ein risiko for snøfall i fjellet. Stølsvegen nådde opp i 1200 m.o.h., og det var snøfallet i denne høgda som avgjorde når stølstida måtte avsluttast for å få ei trygg heimferd med buskapen om hausten.

Stølane har bydd folk svært ulike arbeidsvitkår. Det var ikkje berre fe-beitet som var grunnlaget for den tradisjonelle drifta. Folk nyttar også ressursane som låg i fiskevatna og- elvane, i jaktterrenget og bæra.

I det rike Solrenningsvatnet tok dei fisken med garn. Dei sløgde fisken, og salta ein del i tønner som vart tekne til bygds. Men det var etter måten tung kløv, og mykje av fisken vart nytta til mat på stølen. Fisken vart lettare å føra etter at dei tok til å røykja han.

Dei jakta særleg på fugl. Det var mykje ryper, men også rein og hjort, særleg ved Solrenningane og Hallset. Elles plukka budeiene bær, både blåbær og molter, som vart tekne heim til bygda.

Somme bruk hadde både vår- og sommarstøl, andre hadde berre ein heimestøl eller ein fjellstøl langt inne i fjellet. Ulike naturtilhøve og ressursar har sjølv sagt gjeve ulike utformingar av anlegget og driftsmåtar på stølen. Men om formene skifter, kjem dei likevel inn under den overordna samanhengen: å supplera produksjonen i bygdene. Den kulturhistoriske bakgrunnen bak alle desse variasjonane er dette samfunnet, som – ulikt vårt eige – måtte henta det daglege brødet i dei lokale ressursane. I dette arbeidet måtte dei strekkja seg etter dei mest avsidesliggende også, om det så skulle ta åtte timer å gå dit med kløven.

2.1 STØLSDRIFTA I GARDSHUSHALDET

Svein Mjåtvædt

2.1.1. Stølen som lekk i eit økonomisk system

Eigedomsskapande faktorar i fjellet

Det er vanskeleg å seia sikkert kva som opphavleg har gjeve dei einskilde gardane eigedomsrett til stølane i fjellet. Bruk av fjella til sommarbeite har gjeve gardane hevd på spesielle område. Oftast ligg desse områda i direkte tilknyting til garden og utmarksområda i liene. Men ofte kan bruka disponera stølar langt inne i fjellområda utan slik tilknyting. Beiting av sauvar, kyr og hestar i fjellet gjev ikkje eigedomsrett i seg sjølv. Først når menneskeleg verksemد kjem i tillegg, kan ein tala om beiting som eigedomsskapande faktor. Kyr som vert mjølka og/eller gjett på fjellbeite er såleis eigedomsskapande, likevel på ein slik måte at ein ikkje måtte ta seg støl for nær alt eksisterande stølar. Slike tilfelle kunne føre til tvistar om stølsretten. På 1800-talet førte oppretting av nye stølar ofte til konflikter med gamle stølseigarar. Det hende endå til at nyoppsette sel vart rivne ned.

Stølstypar

Dei fleste brukarar har høyrt til eit fleirstølssystem. Det vil seie at kvart bruk hadde fleire stølar. Viktigast var fjellstølen, der dei sat det meste av sommaren. Men mange hadde òg vår- eller hauststølar, også kalla heimestøl eller liastøl, der dei sat 2–3 veker vår og haust.

Alle brukarane – også husmenn – hadde stølsrett.

Denne retten kunne vera innskrenka til så mange dyr som kunne vinterfødast heime på bruket. Dei som ikkje hadde sel sjølve, måtte hyre kyrne inn hjå andre på stølen. Det hende at husmenn hadde eigne stølar.

Avstanden til stølane skifter. Heimestølane ligg ofte berre ein time eller to i gangtid frå bruken. Fjellstølane derimot kan liggja opptil ein dagsmarsj heimanfrå.

Stølen som lekk i eit økonomisk system

Utnyttinga av beiteressursane i fjellområda var ein føresetnad for husdyrhaldet i Stølsheimområdet. Heime på gardane var all dyrkande mark nytta til åker og eng. Dei avgrensa beiteområda i liene vart nytta før buskapen kunne sendast til fjells. Heimebeita vart dessutan nytta til hestane og kalvane heile sommaren. Dei fleste brukarar hadde hest, kanskje ein føresetnad for å driva stølsdrift i det heile.

Avdråtten frå stølsdrifta har nok hatt mykje å seia reint økonomisk. Vanlegvis var produkta frå stølen salsvare. Kvaliteten både på smør og ost var så mykje betre enn produksjonen heime på bruket resten av året. Hovuddelen av produktet kom såleis frå sommarproduksjonen på stølane. Produksjonen resten av året gjekk tildels inn i det daglege forbruket på garden.



Fig. 5 «Stølsjenter på solrenningane.» Foto utlånt ved Johan O. Dale.

2.1.2 Den tradisjonelle drifta

Førebuing til stølstida

I god tid før buføringa, vanlegvis når våronna var over, måtte stølsvegane vølast. Det var et fellesarbeid for alle som hadde stølsrett, ei plikt som ingen kunne dra seg unna. Det ser ikkje ut som om nokon særskild hadde ansvaret for å kalla saman mannskap; det var snarare slik at alle brukarane vart samde om ein dag. Vegen vart vølt der det trøngst, og bruene vart lagde ut.

På denne tida brukte òg mange å kløvja ved til stølane. Veden tok dei i bjørkebeltet så nær stølane som mogleg. Hadde dei ikkje skog i den leia stølen låg, var det vanleg å kjøpa hjå andre. Dei kjøpte veden på rot, og måtte hogga og kløvja han fram sjølv.

Brenntorv tok dei vanlegvis utover heile sommaren i samband med at dei henta avdråtten. Der det var god brenntorv, brukte dei mykje av han. Budeiene kunne sjølve spa torv om det høvde slik.

Vøling av sela tok dei etter kvart utover heile stølssesongen. Berre i dei høve det var naudsynt med større vøler, vart dette arbeidet utført før eller etter stølstida.

Budeiene var ein tur til støls for å vaska ned sela før bufarsdagen. Slik fekk dei òg kontrollert kor langt beita var komne i fjellet.

Buføringa

På grunn av avgrensa beiteressursar heime på gardane, var det viktig å få buskappen til støls så snart råd var om sommaren. Men føresetnaden var at beita var langt nok komne. Det seier seg sjølv at om snøen låg til fram mot jonsok, vart buføringa seinka. Men folk hadde merke på kor mykje snø det var i fjellet, eller kor langt graset var kome. Dei hadde snøfonner og grasbakkar heime på gardane som svara til tilhøva på stølane. Det var kunnskap bygd på røynsle, overleverd frå generasjon til generasjon ned gjennom tidene.

Dei buførde til liastølane først, der dei var 2–3 veker. Deretter fór dei til fjells. Om hausten sat dei likeeins 2–3 veker på liastølane, før dei vende heim til gards. Den vanlegaste tida for buføringa ser ut til å ha vore frå jonsok til dei første dagane av juli. Nokre stader likevel så tidleg som dei første dagane av juni. Buføringa om hausten gjekk føre seg frå midten av september til Mikkjelsmess, 29. september. Etter Mikkjelsmess var det vanleg at buskappen fekk beita på heimebøen. Stølstida kunne såleis variera frå 8–12 veker.

Å sitje lenge på stølen utover hausten var alltid eit sjansespel. Ein kunne lett bli overraska av snø. Då kunne det hende at ein måtte «laupebuføre», dvs. buføra føre tida. I slike tilfelle var det vanleg at det kom folk frå bygda for å hjelpe til. Det har hendt at

folk måtte trakka stig til kyrne fordi det kom mykje snø på dei.

Stølsdrifta

Det ser ut til at det vanlegvis var døtre eller systre til brukaren som var budeier. Berre når slike ikkje fanst, eller dei trøngst til andre gjeremål på garden, brukte ein å leiga budeie. Dette har m.a. bakgrunn i reint økonomiske tilhøve. Leigd budeie skulle ha si løn, dei som var med i hushaldet til brukaren, fekk ikkje serskild betaling for stølstida. Det kunne einast vere om dei hadde leigekyr for andre brukarar. Men enten budeia hadde løn eller ikkje, så var det vanleg at ho fekk ei lita gåve. Det kunne vere kopp og tefat, fløytemugge og sukkerskål e.l.

Arbeidet på stølen

Arbeidsdagen for budeiene kunne vera lang og hard, ofte opp til 14–16 timer for dagen. Særleg tungt var det der dei hadde både kyr og geiter. Der måtte dei ysta kvar dag. Der det berre var kyr, ysta dei ein dag, og kinna ein dag i veka.

Budeiene var oftast åleine om stellet, og måtte såleis utføra alt naudsynt arbeid på stølen sjølve. Det har ikkje vore vanleg med ekstrahjelp korkje til innstell eller gjeting i Stølsheimområdet.

Det var buskappen som avgjorde tida for dei ulike gjeremåla. Kyrne måtte mjølkast tidleg om morgonen, før dei fór på beite, og likeeins om kvelden. Det var viktig at kyrne vart sammjølka, dvs. at dei vart mjølka til same tid morgen og kveld, for å halda oppe mjølkemengda.

Ekstra arbeid for budeiene

Det var ikkje uvanleg at budeiene var pålagde å strikka eit visst antal sokkepar eller vottar i løpet av stølstida, særleg om budeia var leigd. Det verkar likevel ikkje som om dette har vore noko ekstra press på arbeidssituasjonen, for dei fleste seier at dei likte å ha noko i hendene når dei gjekk i marka. Det var rett og slett ein del av eit livsmønster, at ein alltid skulle ha noko å hengja fingrane i. Det ser ikkje ut som budeiene hadde andre faste plikter ved sida av det vanlege arbeidet på stølen.

Stølsprodukta

Produkta som vart framstilte på stølen var smør, gamalost, geitost, myse og mjølk. Dei laga òg noko dei kalla for søtost. Den vart brukt som gåve til ungane når dei kom til støls, eller sendt heim til gards når dei var og henta kløv. Det hende at dei koka prim av mysa heime på garden. Primkokkinga kravde så mykje ved at det var uråd å gjere det på stølen. Dette ser òg ut til å vere viktigaste årsaken til at det vart laga så mykje gamalost. Gamalosten kravde kort koking, og eigna seg difor i skogfattige distrikt.

Dei ferdige produkta vart lagra på hyller i selet. Gamalosten måtte lagrast i minst 3 veker før han kunne kløvjast til bygds. Smøret vart salta godt og lagra i smørstrokkar eller smørrambarar.

Stølsmaten

Kvar veke, eller annankvar, kom dei med hest og kløv for å henta avdråtten. Då fekk budeiene samstundes nye tilførsler av mat og ved. Matstellet på stølen var svært likt det som var vanleg på garden elles, men sjølv sagt med litt ekstra mjølkemat. Budeiene sjølv legg vekt på at dei aldri svalt på stølen, men det hende det var så knapt med mat at dei måtte til bygds for å henta ny forsyning. Maten var til vanleg spekeflesk, spekekjøt, spekesild, poteter, flatbrød, litt vanleg brød, mjøl, gryn og erter. Der det var gode fiskevatn, var fjellaure eit kjærkome tilskot i kosten.

Dersom budeia stølte for fleire brukarar, var det vanleg at dei delte på kostutgiftene, enten slik at dei heldt kosten halve sesongen kvar, eller kvart sitt år. I siste tilfellet var det då ofte slik at den som ikkje heldt maten, skulle syta for salt til dyra det året.

Stølshelg

Høgdepunktet i stølstida var stølshelga. Den var omlag midt på sommaren, når halve stølstida var gått, eller når dei var ferdige med slåtten heime på gardane. Då kom vaksne, ungdom og born til støls for å ha det moro, og for å få smaka det beste av stølsmaten. Der det var mykje folk, måtte dei ha to stølshelger, ei for born, og ei for vaksne og ungdom. Alle vaksne ungdomar og born som høyrdé garden til, skulle vere med på stølshelga. Budeiene hadde laga til rikeleg med mat: rjomekolle, rjomegraut, mylse, spekekjøt og flatbrød o.m. Sjølv om det vanlegvis vart lite soving, hadde budeiene slått starrgras til å breia utover golvet, for alle skulle liggja på flatseng om natta. Som oftast hadde nokon trekkspel eller sveivegrammofon med, slik at det vart ein svingom om kvelden. Dessutan var det alltid nokon som fann på moro. Der fleire stølar låg nær kvarandre, hende det at ungdom frå andre gardar kom på vitjing om kvelden eller natta.

Eldstaden på stølen

Sela hadde to rom, Innselet, der budeia hadde opphalts- og soveplass, og der dei ferdige produkta vart lagra, og skotet, der mjølkeprodukta vart laga til. I skotet var eldstaden der dei kokte og ysta. Opphaveleg var det berre ein open eldstad, elta. Til elta var det ikkje skorstein. Då var der ljorehol i taket eller opning i røstet i skotet. Nokre av selar har aldri hatt annan eldstad enn elta så lenge dei vart drevne.

Denne forma for eldstad førde med seg mykje røyk inne i rommet, og sure auger for budeia. Dessutan sette røyken smak både på mjølk, fløyte og dei ferdige produkta. Skota var heilt svarte i taket og eit stykke ned på veggene. Frå 1920-åra, stundom tidlegare, stundom seinare, skifte mange over til bryggepanner. Då kom det skorstein til eldstaden, og det vart meir triveleg å stella til produkta.

I innsela var det ikkje alle stader omn. Dersom dei hadde omn der, og elta i skotet, hende det at røykrøyret gjekk gjennom veggen og ut i skotet.

Gjæting

Det har ikkje vore vanleg å gjæta buskapen i Stølsheimen. Berre i heilt spesielle høve, i ruskever, og helst då på haustparten, hende det at kyrne trekte heim mot dalen, eller til stader der dei kunne finna livd. Dersom dette førde med seg at dei kom inn på andre stølsområde, måtte det koma folk frå bygda for å gjæta dyra. Budeiene hadde meir enn nok med det vanlege stellet, så det ser ut til at dei vart sparde for dette arbeidet. I eit tilfelle der buskapen frå ein støl ville trekka til ein annan støl i ruskever, har vi funne at der vart sett opp gjerde i fjellet. Elles har det ikkje vore vanleg å hegna inn stølsområda på noko vis.

Kven var med til støls?

I fleirstølsområdet var det ikkje vanleg å ha ungar med til støls, korkje til heimestølane eller til fjellstølane. Opplæringa av budeier gjekk føre seg heime på bruksa. Det var same slag produkt som vart framstilte heime på garden som på stølen. Når ungjentene i konfirmasjonsalderen tok til å støla var dei sjølvhjelpe, men elles var det som oftast eldre budeier på stølen ein kunne spørje til råds.

Dei gardane som berre hadde ein støl, ein mellomting mellom heimestøl og fjellstøl, der kona til brukaren ofte stølte sjølv, brukte å ha ungane med på stølen. Der kunne det òg henda at dei hadde både gris og høns med til støls. Bakgrunnen for dette tykkjest å vera at kårfolket skulle vera friast mogleg til slåtten og försankinga heime. Det er òg mogleg at talet på hushaldsmedlemer var mindre på desse gardane, og at det kan vere årsaka til ordninga. I det området som har slike stølar, er avstanden frå garden til stølen kort, ofte innanfor ein times gange, og kontakten mellom garden og stølen var god. Om hausten, når det var mindre mjølk, gjekk budeiene ofte heim og arbeidde på garden nokre timer midt på dagen, men det er spesielt for dette området.

2.1.3 Opplysing av stølsdrifta og ny bruk av stølen

Nedlegging av stølar

Siste stølsåret i denne delen av Stølsheimen var 1973. Nedlegginga av stølar har gått føre seg over lang tid. Men det var vanleg med støling dei fleste stader til etter siste verdskrig. Frå omlag 1950 har nedlegginga skjedd i stadig raskare tempo. Årsakene til nedlegginga må sjåast i ein større samanheng. Det er ikkje lokale tilhøve som er viktigast, dei er berre ein del av komplekset. Lønsemda vart etterkvart så låg at mange ikkje såg seg råd med å driva lenger av den grunn. Sjølv om budeieløna alltid har lege på eit lågmål, oversteig utgiftene til løn og mat, det ein kunne tena på salet.

Lokalt har utskiftinga av heimebeita i liene, og opparbeidning av kulturbete der, gjort at bøndene ikkje lengre er så avhengige av beiteressursane i fjellet. Nokre stader vert likevel stølane nytta som beite for sau og gjeldbeist.

Viktigaste årsaka til nedlegginga av stølsdrifta må likevel sjåast i den generelle omlegginga som har funne stad i jordbruket. Her spelar staten sin aktive subsidiepolitikk ei stor rolle for driftsendringane.

Nye former for stølsdrift?

Stølsdrift, slik vi kjenner ho frå gamalt, vil knapt nokon gong verta teken opp att. Men der tilhøva ligg til rettes for fellesdrift på gode fjellbeite, kan mange tenke seg stølsdrift også i framtida. Likeins kan oppdyrkning av stølsområde til fôrproduksjon verta mogleg i framtida. Føresetnaden for slik ny drift er oppdyrkning av kulturbete, vegsamband til dei aktuelle områda og moderne driftsmåtar. Men det er ikkje alle område i Stølsheimen som eignar seg til det.

Informantliste

Balevik,	Anders	Framfjord	Nese,	Eilev	Arnfjord
Balevik,	Brita	Framfjord	Nese,	Einar	Arnfjord
Engum,	Bjarne	Arnfjord	Nese,	Jon	Arnfjord
Engum,	Brita Sofie	Arnfjord	Nese,	Kari	Arnfjord
Engum,	Ola	Arnfjord	Nese,	Margit	Arnfjord
Finden,	Bottolf	Finden	Nese,	Mons	Arnfjord
Finnebotn,	Sigrid	Arnfjord	Nese,	Ola	Arnfjord
Finnebotn,	Solveig	Arnfjord	Nese,	Ola E.	Arnfjord
Geithus,	Bjarne	Geithus	Numedal,	Anna	Framfjord
Geithus,	Elsa	Geithus	Numedal,	Gunnhild	Finden
Geithus,	Ingeborg	Geithus	Røyrvik,	Andreas	Finden
Geithus,	Olav	Geithus	Vollevik,	Arvid	Vollevik
Hanekamb,	Endre	Hanekamb	Vollevik,	Gunnhild	Vollevik
Hanekamb,	Martha	Hanekamb	Vollevik,	Johanna	Vollevik
Hjortland,	Borghild	Sylvarnes	Vollevik,	Simon	Vollevik
Hjortland,	Leif	Sylvarnes			
Hjortland,	Magne	Sylvarnes			
Hjortland,	Solveig	Sylvarnes			
Hønsi,	Johan	Indrefjord			
Hønsi,	Maria	Indrefjord			
Hønsi,	Kåre	Indrefjord			
Kjelven,	Johannes	Indrefjord			
Lee,	Brita	Framfjord			
Nese,	Astri	Arnfjord			

Litteraturliste:

- Reinton, Lars: Sæterbruket i Norge, bd. I – III, Oslo 1955–61.
 Reinton, Lars: Til Seters. Norsk seterbruk og seterstell. Norsk Kulturarv. Oslo 1969.
 Ve, Søren: Um stølsdrifti på Vestlandet. Hordaland Landbruksmuseums årbok 1950.
 Hoprekstad, Olav: Bygdebok for Vik I – III 2. 1951–1958.

3.0 TREKK FRÅ BYGGESIKKEN

3.1 Stølen og landskapet

Arne H. Ingvaldsen




Fig. 6




Fig. 7 Situasjonsplan. Hallsetstolen (nr. 6)




Fig. 8 Situasjonsplan. Steinslandsstolen (nr. 30)

6 av dei 18 stølane som vart registrerte i 1975 ligg over skoggrensa (Solrenningane t.o.m. Hallset, nr. 1–6). Resten ligg i bjørkebeltet, med unntak av dei to lågaste, Botnane og Straumestølen.

Den mest typiske situasjonen er stølsvollen på eit framspringande platå opp i ei fjellsida, gjerne vendt mot aust. Kring platået renn det ein eller to bekkar, og sjølvé platået er tørrlendt (morene, elvegrus, berg).

Med små variasjonar er dette mønsteret på dei høgastliggende stølane. Eit godt døme er Solrenningane.

Kjem ein lågare ned i bjørkebeltet, blir dalsidene ofte brattare, og stølane blir plasserte på ein tørr del av ei elveslette i dalbotnen (der også beita er). Døme på dette er Vårstølen.

Eit gjennomgående organisasjonsmønster er rekka, som gir kvart hus einsarta forhold til sentrale situasjonskvalitetar. På 8 av stølane (alle over skoggrensa) er det t.d. klare rekkedannningar. Husa vender då den eine gavlen ut frå platået (mot dalen) og den andre inn, med inngangsdørane stilt i le for dalvinden. (jfr. fig. 7).

På 2 stølar (Steinslandsstolen og Tverrådalen) finn ein variantar av slik rekkeorganisasjon.

Det vart registrert i alt 88 hus i 1975. Av desse ligg 68 i klart fallande terren. Dei aller fleste (52 mot 16) har lengderetninga vinkelrett på kotene (gavl ut frå og inn mot bakken). Dei med parallel plassering er i dei fleste høva også tydeleg yngre hus.

3.2 Byggeskikken i høve til jordsmønns, vegetasjon og klima.

Målfrid Nyrnes.

Stølsheimen har vorte brukt av bygdelaga langs Sognefjorden frå nord, og av dei bygdelaga som grensar opp mot Stølsheimen i sør. Dei ressursane fjellet kunne gje, har vorte nytta sjølv om dei ikkje alltid var like letthenta.

Stølsheimområdet inneheld fleire ulike situasjoner når ein ser på kva som er gjeve som naturvilkår for utnytting og drift. Ein finn ein tydeleg skilnad i naturtilhøva frå vestområdet til austområdet. Det teiknar seg i tilhøvet myr/fastmark, lausavleiringar, vegetasjon, – og det har grunnlaget sitt m.a. i dei geologiske tilhøva. Gjennom området går ei skarp geologisk grense i nordaustleg–sørvestleg lei: Arnafjord – Hestfjellet – Halsetvatnet. Aust for denne grensa har ein metamorfe, lettvitrelege skiferbergartar, vest for grensa er det sure grunnfjellbergartar som vitrar seint.

Klimafaktoren er òg særskilt viktig. Generelt sett ligg Stølsheimen i ei svært nedbørsrik klimasone. Nedbøren aukar med høgda over havet og dessutan frå aust mot vest i området. Temperaturen minkar med høgda over havet. Det gjer at ein har store klimaskilnader mellom låglandet og fjellet.

Desse faktorane er viktige for danninga av lausavleiringar: Austområdet med lettvitrelege bergartar gjev eit meir næringsrikt jordsmønn og betre overflate enn i grunnfjellstroket der ein får mindre mengder verdifulle næringsemne og der ein gjerne har større myrdannningar. Generelt sett er vestområdet kjenneteikna av lite lausavleiringar, men området kring Solrenningsvatnet skil seg tydeleg ut ved å ha meir samanhengande og djupare lausavleiringar. Eit særtrekk for vestområdet er den store humusopphevinga i sterkt skrånande terreng kring skoggrensa. Slike bakkemyrar finn ein m.a. sørvest for Solrenningshytta og ved Øvstestølen til Vollevik. Jordmonnstypen er avgjerande for vegetasjonen i området – artsrikdom og utbreiing.

I dette landskapet vart stølsvollane dei mest kulturturpåverka områda. Ved hogst, beiting og gjødsling vart plantesamfunna omdanna. Etter at stølsdrifta er lagt ned, vert desse områda endra på ny: Særleg skjer dette fort der stølen ligg nede i skogen eller i skoggrensa. Bjørkeskogen kryp høgare, skogen tetnar og vollen veks til.

Dei stølane som er registrerte tilhører fullseterbruk – folket sat på stølen med fullt stølsutstyr. Dei fleste brukta hadde fleire enn ein støl: heimestøl/lia-støl/vårstøl og fjellstøl/sommarstøl. Ein finn òg døme på at gardane hadde tre stølar (Nesegardane i Arnafjord hadde òg ein mellomstøl), eller fleire stølar der ein støl var for geitedrift og ein for kudrift (Nåmdal i Modalen).

Alle stølane som er registrerte ligg under 1 000 m.o.h. Heimestølen ligg gjerne i skogbeltet (frå 0 til 600–700 m.o.h.) og fjellstølane høgare til fjells (Raudbergdalen ligg på 973 m.o.h.). Inne på fjellet var sesongen stutt. Desse områda ligg svært utsett til for dei fuktige og kalde havvindane. I Jotunheimen t.d., – i le for dette veret – kunne ein støla høgare til fjells (gjerne på 1300 m.o.h.) og enda ha lengre sesong.

Ved å sjå nærmere på korleis stølane og dei einskilde stølshusa er plasserte i landskapet, tykkjest klima- og terregnfaktorane å vera svært viktige og styrande. Oftast finn ein såleis at husa innanfor kvar støl er orienterte likt i situasjonen – i høve til det som er særtrekket nett på den staden.

Stølshusa er lagde på ein tørr plass, på drenerande masse eller fjell. Oftast er dette høgt i lendet. Inngangane vender ofte bort frå det verste veret, nedbørsveret frå sør/sørvest. Tilgangen på vatn heile sesongen er òg avgjerande for kvar stølshusa vart bygde likeeins korleis snøen arbeidde om vinteren – gjennom snøskred og snøfonner. På fleire stølar måtte ein flytta stølshus fordi dei vart nedbrotne av snøen (m.a. Roset, Sylvarnesdalen, Fagerdalen). Likeeins samla ein seg erfaringar om vindtilhøva på kvar stad, t.d. måtte verveggen ofte vernast med ekstra ytterkledning.

Tilgangen på trevirke og stein ser ut til å ha vore viktig for kva byggemateriale ein valde. Og det er interessant å sjå at murane i skiferområdet er heilt ulike dei murane ein finn i grunnfjellområdet. Tømmerdimensjonen varierer også mykje.

Korleis ein nytta skråterrenget og økonomiserte med materialane ved å byggja fjos og sel under eitt tak, finn ein fleire døme på: Fjøset er i kjellaren under selet og med inngang på nedsida. Inngangen til selet er på oppsida.



Fig. 9 Botnane (nr. 32/25). Sel.



Fig. 10 Sylvarnesdal (nr. 26/101). Sel.



Fig. 11 Smørklepp (nr. 24).

Hordalands-stølane:

Stølane nr. 29–40 tilhører gardar i Modalen. Dei ligg på austsida av Steinslandsvatnet og Norddalalen med unnatak av Straumestølen som ligg nede ved vestbreidda av Steinslandsvatnet. Ein finn stølane frå 120 til 630 m.o.h. Alle ligg i bjørkebeltet med unnatak av Straumestølen og Botnane som ligg nede i dalen, i granskogen. Stølane ligg relativt nær heimegardane. Nokre av stølane kan ein køyra fram til (Botnane, Vårstølen).

Stølshusa ligg ofte i ei dalside eller på ein tørrare del av ei elveslette i ein dalbotn. Tre har vore byggematerialet i alle dei registrerte husa på desse stølane. Hus nr. 38 på Kross-stølen skal likevel ha hatt høge murar.

Sognestølane:

Stølane nr. 1–28 tilhører gardar som ligg på sør-sida av Sognefjorden (nr. 1–6: Høyanger kommune, nr. 7–28 Vik kommune). Desse stølane finn ein i lia opp frå fjorden og langt inne i fjellet. Den høgastliggjande er Raudbergdalen på 973 m.o.h. Lia stig bratt opp frå fjorden. Heimestølen ligg ofte på ei hylle eller eit slakare parti nedanfor skoggrensa i denne lia, og med utsyn over bygda og fjorden. Stølsvegen fører vidare frå heimestølen til fjellstølen, ofte langt inne i fjellet. Stølsvegen er oftast svært bratt og tung. Dei fleste liastølane som er registrerte, ligg i grunnfjellstroket. Dei har ofte svært avgrensa beiteland (t.d. Negardstølen og Fosseset). Men ein finn òg stølar som ligg nær heimegarden og som vart nytta heile sommaren (t.d. Sylvarnesdalen, Smørklepp, Yttestølen). Desse stølane er meir utbygde med større og solide hus.

Den nye anleggsvegen frå Voss-Vik-vegen har letta tilgjengen til Bjergane og Valsvikdalen. Men dei andre stølane er ikkje utløyste av vegar. Dei fleste av stølane ligg også utanfor dei mest nytta turiststigane i området. Stølane er såleis framleis mest knytte til heimegardane der den gamle stølsvegen fører opp lia, til heimestølen og vidare inn til fjellstølen (t.d. Vatnane, Hest, Hestfjell). Dei fleste stader gror stigen til.

Stølshusa nede i skogbeltet er bygde i tre, stølane inne på fjellet – langt frå trevyrke – er oftast mura i gråstein.

3.3 Byggesikken og dei einskilde bygningane

Arne H. Ingvaldsen og Målfrid Nyrnes.




Fig. 12 Solrenningane (nr. 1/1). Sel og skot.




Fig. 13 Halsetstølen (nr. 6/23). Fjøs.




Fig. 14 Botnane (nr. 32/25). Sel og skot.




Fig. 15 Alrekstølen. (nr. 4/7 og 8). Fjøs og sel samanbygd i vinkel.

Bygningstypar:

Det er registrert fleire kategoriar hus på stølane:

SEL

- Opphaldsstad og arbeidsstad for stølsfolket. Denne bygningstypen er registrert på alle stølane.

FJØS

- Særskilde fjøsbygningar er registrerte berre på Sognestølane (Alrekstølen, Halsetstølen, Åsedalen, Raudbergdalen, Bjergane, Hillaren, Negardstølen, Yttestølen, Smørklepp).
- Nokre stølar har fjøs i kjellarrom under selet, skråterrenget vert nytta ut slik at alle funksjonane er bygde under eitt tak. Døme på dette finn ein på Sognestølar. (Åsedalen, Halsetstølen, Bjergane, Rappen, Hest, Vatname, Yttestølen, Sylvarnesdal). På to Modalsstølar er det registrert sel med små kjellarrom (Botnane og Kross-stølen).

Eitt av desse sela med fjøs i kjellaren skil seg ut ved at heile bygningen er mura av gråstein.

- Nokre stølar har fjøs som er bygde inntil selet. Sikre døme på dette finn ein berre på Sognestølar: Sylvarnesdal, Hustavenesstølen og Alrekstølen har sel og fjøs samanbygde på rekkje. (Alrekstølen har også sel og fjøs samanbygde vinkelrett på einannan). Sognestølen Vindheim har fjøs i fyrste høgda over bakken og sel i andre høgda.

KOKEHUS

- Til ysting. Det er registrert fire sikre døme på slike kokehus, alle på Modalen-stølar nær Krossdal, der det har vore geitestig.

I dei aller fleste tilfelle elles har kokestaden vore i skotet.

Plantypar:

Ein finn to hovudplantypar på dei registrerte stølane: toroms-plan og symmetrisk treroms-plan. I tillegg finn ein meir samansette plantypar, men desse er gjerne bygde utfrå ein av dei to hovudplantypane.




Fig. 16. Vantnane (nr. 15). Sel nr. 62. Toromsplan




Fig. 17 Tverrådalen (nr. 39). Sel nr. 46. Toromsplan.




Fig. 18 Straumestølen (nr. 37). Sel. nr. 41. Treromsplan.




Fig. 19 Sylvarnesdalens (nr. 26). Sel nr. 101. Samanbygd anlegg med fjøs, vedskot, sel og skot.




Fig. 20 Hanekamstølen (nr. 2). To samanbygde sel, nr. 1 og 2.

TOROMS HUS

- Inngangen er i dei aller fleste av desse bygningane på gavlsida. Såleis har alle toroms hus på Sognestølane inngangen i gavlen (med to unntak: Yttestølen, Smørklepp). Dette gjeld altså alle dei registrerte steinhusa.
- Toroms hus med inngangen på langsida finn ein elles berre på Modalen-stølar (Nystølen, Kroken, Tverrådalen, Vårstølen). På to av desse stølane finn ein òg treroms hus med tilsvarende inngang til midtrommet.

TREROMS HUS

- Inngangen fører til midtrommet, der det er dør vidare til dei to stovene, ei på kvar side av midtrommet. Slike treroms hus er registrerte berre på Hordaland-stølar (Kross-stølen, Steinslandsheimen, Straumestølen, Tverrådalen, Vårstølen).

SAMANBYGDE HUS

- Døme på hus der fjøset er bygd til selet, finn ein berre på Sognestølane. (Sylvarnesdalens: skot, innsel, lamlefjøs og fjøs på ei rekkje, fyrste byggesteg var her eit toroms sel, Hustavenesstølen: (skot), innsel, fjøs på ei rekkje, Alrekstølen: sel og fjøs er bygd saman vinkelrett på kvarandre).
- Døme på at to sel er bygde mot einannan finn ein på nokre stølar. Innsela er bygd vegg-i-vegg, skota er i kvar ende. (Hanekamstølen, Sogn: to steinsel, Solrenningane, Sogn: trebygningar, Alrekstølen, Sogn: to steinsel, Steinslandsheimen, Hordaland: trebygningar).

Byggemateriale:

Byggematerialet er gjennomgåande Stein eller tre.

STEIN

- Stein som byggemateriale finn ein berre på Sognestølane. Tørrmur i gråstein er såleis det dominerande byggematerialet på dei stølane som ligg over skoggrensa og inne på fjellet, jamvel om det òg finst trehus her. Ein grunn til at dei ikkje bygde fleire steinhus på Solrenningane, var at det ikkje var att meir byggestein i marka der. Det same kan vera tilfelle på Vatnane, der dei eldste husa tykkjест å ha vore steinhus. På Roset, som ligg rett oppom skoggrensa, er og alle husa bygde i stein. Grunnen til det var nok den rike tilgangen på god byggestein på staden.
- På nokre av stølane i fjellet er det dessutan brukt oppreiste steinheller som kledning. Dette gjeld tre av stølane i skiferområdet (Hellestølen, Bjergane, Rappen).

- På tre av stølane nedanfor skoggrensa, er den eine vegen i skotet bygd opp av Stein (Skjemmedalen, Rotteskardet, Negardstølen). Dette gjeld berre Sognestølar.

TRE

- Den vanlegaste ytterveggkonstruksjonen er ein kombinasjon av lafting og stenderverk. Dei fleste toroms-husa er bygde slik. Innselet er ei lafta tømmerkjerne og skotet er bygd til i lettkonstruksjon og med ein enkel bordvegg.
- På to Modalen-stølar finn ein døme på at heile huset er lafta. Det gjeld både toroms og treroms sel. (Fjellstølen og Straumestølen)
- På fem Modalen-stølar finn ein reine stenderverksbygningar. Det gjeld nyare hus.
- Stavkonstruksjon er registrert i to hus på Modalenstølar (Kroken og Vårstølen). Både husa er kokehus. På Sognestølane er det registrert fleire stavbygg: Dette er i dei fleste tilfelle i skot som er bygde til ei tømmerkjerne. Slike skot er som oftest berre ei grind, slik at denne delen av bygningen ikkje alltid like eintydig står fram som stavbygg. Som sjølvstendige stavkonstruksjonar er det registrert tre bygningar, alle er fjøs (Negardstølen, Raudbergdalen).

Elles kan ein leggja merke til små skilnader og særtrekk ved dei einskilde stølane:

- Solrenningane, Alrekstølen, Hanekamstølen og Roset merkjer seg ut ved at mest alle husa er bygde i Stein.
- Skilnaden i murane i skiferområdet og grunnfjellområdet: Murane på Bjergane er rette og presise – dei er mura av heller –, medan murane på Roset er mura av rundare Stein.
- Fjøsa på Alrekstølen og Halsetstølen er svært like – etter mønster av to samanbygde sel og med ei spesiell løysing for midtberinga av åstaket.
- Det to-høgda selet med den ruvande trappa på Vindheim.
- Opninga i røstet i skotet på Alreksela, Fossesetselet, sel på Fjellstølen, Negardstølen, Smørklepp.
- Ljoren som ein finn att på nokre Sognestølar. Alrekstølen, Negardstølen, Rotteskardet, Sylvarnesdalens: i innselet, Yttestølen: i skotet.

Takkonstruksjon:

Alle steinhusa har åstak. Åstak i trebygningar finn ein elles berre på Sognestølane (Vatnane, Botnadalens, Fagerdalen, Skjemmdalen).

Reine sperretak er elles den vanlegaste takkonstruksjonen. Omlag halvparten av husa på Modalen-stølane har sperretak med mønsås. Slike tak er det færre døme på i Sognestølane.

Taktekkjing:

Torvtak tykkjест å ha vore det vanlegaste taktekjingsmaterialet på alle stølane. I dag er dei fleste torvtaka erstatta av bølgjeblekk. Bølgjeblekkplateane er ofte lagde oppå det gamle torvtaket.

Ytterkledning:

Tømmerbygningane har ofte liggjande kledning rundt utvendes. Men elles finn ein mange døme på at berre versida har fått ytterkledning. Andre materialar har og vore nytta som ytterkledning: Stein-heller (Bjergane, Rappen), bølgjeblekkplater, ut-hamra plater frå jerntønner (fjøset på Raudbergdalen. På Negarsstølen tykkjест ikkje skotet å ha hatt kledning i det heile.

Oppsummering:

Registreringsmaterialet viser at Modalen-stølane skil seg ut frå Sognestølane på mange punkt. Mellom Sognestølane kan ein finna særtrekk som gjeld for fjellstølane, andre særtrekk som gjeld for liastølane. Ei viktig avgrensing for nærmere vurdering er omfanget av registrerte stølar. Men det ser ut til å finnast skilnader som vil kunna utdjupast og tolkast nærmare.

Utfrå det materialet som vart registrert 1975 ser det ut til at dei høgareliggjande stølane i det «indre» området skil seg ut frå dei lågareliggjande liastølane på fleire punkt.

Fjellstølane finn vi gjerne på eit tørt platå oppe i ei fjellsida, dei lågareliggjande på ei elveslette i ein dal eller dalbotn. Berre på fjellstølane er det registrert eigne florar, berre her finst det hus med ytterveggena mura heilt i Stein, og berre her finn ein reine åstak. Desse trekka er dei dominerande, og planen med inngang i gavlen er heilt einerådande.

På dei lågareliggjande liastølane finst det serskilde kokehus. Bygningane er gjennomgåande tømra, og ingen hus er murde heilt i Stein. Ingen av dei har reine åstak, men sperretak med og utan mønsås. Ein del bygningar har inngang i gavlen, men mange også på langsida, som elles på bygdene.

4.0 NYE INTERESSER – ENDRINGAR

Arne H. Ingvaldsen

Den tradisjonelle ressursutnyttinga innskrenkar seg i dag til sauebeite. Den siste stølinga med kyr skal ha vore i 1974. Av denne grunn er stølshusa sterkt utsette.

Rett nok er det grunneigarar som enno held sela i stand som feriestad for familien, og til jakt, fiske og sauesanking, men forfallstendensen er tydeleg nok. Ein finn døme på organisert våling av stølshus ved felles frakting av materialar med helikopter. Organisert uteleige av stølshus kjenner ein ikkje til.

Ved sidan av grunneigarane er området kryssa av fleire interesser.

Turistinteressene blir for ein stor del ivaretakne ved dei stigar og hytter som Bergen Turlag har opparbeidd i dei indre delane. Dette er i det nærmaste høgfjellsområdet for folk på Bergenshalvøya, og har alt av denne grunn ein høg verdi. Men området blir også vurdert som ein høg rekreasjonsverdi i seg sjølv. Både turistar og grunneigarar burde ha interesse av vedlikehald og ny bruk av stølane.

Delvis samanfallande og delvis motstridande med desse interessene står så kraftutbygginga, som utan samanlikning har dei største konsekvensane for området i dag.

Kraftutbygginga og konsekvensane for stølane

Med konsesjonen til BKK i 1975 vil det meste av Stølsheimen snart verta utbygd. Det som blir att i den sentrale delen, er eit mindre område kring Solrenningane – Halset (Vøvringsdalen – Bærda- len/Stordalen).

Utbygginga endrar mange av dei naturlege vassvegane, og grip sterkt inn i miljøet på mange stølar ved at elva eller bekken blir tørrlagt.

For dei registrerte stølane blir kraftanlegget på Steinsland det avgjerande. Dette vil bestå av to «takrenneprosjekt», eitt nordleg og eitt sørleg, som fører vatnet fram til kraftstasjonen på Steinsland i Modalen.

Det nordlege prosjektet skal realiserast ca. 1980–81, og fører med seg at:

- 1) Stølsvatni blir oppdemt med 35 meter. Ved dette blir **Steinslandsheimen** og dalen der sett under vatn. Dammen blir ferdig ca. 1980.
- 2) Ein anleggsveg blir bygd frå Steinsland opp til dammen. Den passerer tett forbi **Steinslandsstølen** på vestsida. Ovanfor stølen går vegen over til austsida av dalen, dvs. ikkje over den øvre delen av stølsvegen.
Ei kraftlinje vil også følgje dalen.
- 3) **Fjellstølelv** blir tørrlagt eit lite stykke nedanfor stølen.

Det sørlege prosjektet skal realiserast ca. 1980–82. Det «klipper» av bekkane frå fjellet ned til Nygard og Krossdalen, og fører til at:

- 4) **Botnane-stølen** mister bekken. Elva frå Krossvatnet blir på det nærmaste tørrlagt.
- 5) Vatna ved **Nystølane** held på nivået, men gjenomrenninga blir sterkt redusert, dvs. redusert vassføring i elva forbi geitestølen.
- 6) **Sundet i Kvanndalen** mister bekken. Dessutan blir det bygd ein anleggsveg opp hit.
- 7) **Kross-stølen** får dei to elvane sine tørrlagt i kort avstand nedanfor sela.
- 8) **Kroken** mister elva.
- 9) **Tverrådal-stølen** mister elva.
- 10) **Vårstølen** mister det meste av elva.

Steinslandsvatnet kan få ein mindre auke i nivået om vinteren på grunn av magasinutslepp, men dette skal ikkje kunne truga Straumestølen.

For dei nordlege delane av Stølsheimen blir det arbeidd med eit takrenneprosjekt frå Svartavatnet i aust til Ystrebo i vest. Det er eit samarbeid mellom BKK og Sogn og Fjordane Kraftverk. Desse stølane vil då kunna få elvane sine tørrlagde:

Fossestølen Aust for Ystrebo ved Brekkeelva.
Mjølsvikstølen sør for Mjølsvik ved Mjølsvikelva.
Flogedalen sørvest for Ortnevik ved Littleelva.
Brydalen sørvest for Ortnevik ved Littleelva.
Fodnestølen sør for Ortnevik ved Tverrelvane.
Breidalen turisthytte (usikkert).

Alle desse stølane finst på gradteigskartet for Kyrkjebø.

5.0 AKTUELLE TILTAK

Arne H. Ingvaldsen



Fig. 21 Alrekstølen. Oversynsbilete frå aust.

Spørsmålet er så kva som kan gjerast i denne situasjonen for å taka vare på dei kulturhistoriske interessene.

Ei rask oppsummering av registreringane viser:

- Ein støl vert overfløymt.
- Atte stølar får/har fått forringa miljøsamanhangen ved kraftutbygging.
- Av dei andre har fem stølar svært langt kome forfall der alle husa meir eller mindre ligg i ruin. Alle desse fem er heimestølar.
- På dei fleste stølane har grunneigarane interesse av å taka vare på stølen som lekk i utnyttinga av utmarka eller til fritidsbruk. Kombinasjon av utleigebruk og privat bruk er òg aktuelt på einskilde stølar.

I det «indre» området som idag er verna mot kraftutbygging, ligg 5 intakte stølar med usikker framtid.

Det er Solrenningane, Alrekstølen, Dunevollen, Asedalen og Hallsetstølen.

Bortsett frå Dunevollen er dei alle store stølar med mange hus og tilknytta fleire grunneigarar.

Kulturhistorisk er desse stølane særleg interessante ved at dei viser utnyttinga av dei vanskelegast tilgjengelege ressursane i Stølsheimen, ved sida av at stølshusa er verdfulle bygningshistorisk minne, med dei avvikande bygningstrekk vi finn lengst inne i snaufjellssona. Til området er det

dessutan knytt viktige friluftsinteresser gjennom turløyper, hytter, fiskevatn, jakt- og bærterring og ettertrakta naturopplevelsingar.


Det er klart at kulturminka – stølshusa – i dette tilfellet er nært knytte til friluftsinteressene, både som brukshus (når tradisjonell drift ikkje lenger er mogleg) og som interessevekkjande kulturmiljø i landskapet.

Det er difor om å gjera at desse stølane kan sikrast for ettertida, gjennom avtalar med grunneigarane. Til dømes kunne desse få tilskott til organisert vøling og dekking av meirutgifter ved antikvarisk utføring, på vilkår av at miljøet vart halde intakt, at dei tradisjonelle aktivitetane får halda fram, og at elles unytta sel skal kunna leigast ut som feriehus (t.d. med hjelp frå reiselivsorganisasjonar). Dette kunne gjerast som del av ein total plan for området, der grunneigarane er med frå første stund.

Frå ein kulturhistorisk synsstad kan ein ikkje sjå stølane isolerte frå livet i bygda. Stølsdrifta var alltid eit tillegg til det ein kunne produsera der nede, og folk har reist ulike langt for å nå fatt i tilleggsressursane. Det er som før nemnt ein samanheng mellom garden, heimestølane og dei inste stølane. Særlege vernetiltak bør gje moderne menneske høve til å studere denne samanhengen, med sine skiftande former frå lågland til høgfjell.

Det er difor også viktig at stølsvegane frå bygdene til heimestølen og fjellstølen kan vedlikehaldast for å gje nøkkelen til denne samanhengen. Dette er samstundes ei hovudinteresse for dei ålmenne friluftsaktivitetane.

KART OVER REGISTRERINGSOMråDET



O Støl. ● Støl registrert i 1975. ○ Støl registrert i 1977.
NGO gradteigskart målestokk 1:100 000. (50% forstørra.) Attgjeve med løyve frå NGO.

6.0 DEI EINSKILDE STØLANE

SOGN OG FJORDANE

Høyanger kommune:

1. Solrenningane	hus nr.	1–8	22
------------------	---------	-----	-------	----

Vik kommune:

2. Hanekamstølen	hus nr.	1–3	30
3. Dunevollen	hus nr.	4–6	34
4. Alrekstølen	hus nr.	7–13	38
5. Åsedalen	hus nr.	14–21	44
6. Halsetstølen	hus nr.	22–27	52
7. Valsvikdalen	hus nr.	28–33	60
8. Raudbergdalen	hus nr.	34–37	66
9. Bjergane	hus nr.	38–41	70
10. Hellestølen	hus nr.	42–44	76
11. Rappen	hus nr.	45–49	80
12. Negardstølen	hus nr.	50–54	84
13. Fosset	hus nr.	55–56	90
14. Hest	hus nr.	57–61	94
15. Vatnane	hus nr.	62–70	100
16. Roset	hus nr.	71–77	110
17. Rotteskardet	hus nr.	78–79	118
18. Hustavenesstølen	hus nr.	80	122
19. Vårstølen (Geithus)	hus nr.	81	126
20. Ytestølen	hus nr.	82–83	130
21. Botnadalen	hus nr.	84–85	134
22. Fagerdalen	hus nr.	86–90	138
23. Skjemmedalen	hus nr.	91–93	144
24. Smørklepp	hus nr.	94–98	148
25. Øvstestølen	hus nr.	99–100	154
26. Sylvarnesdalen	hus nr.	101–104	158
27. Vindheim	hus nr.	105–107	164
28. Vindhalsen	hus nr.	108–110	168

HORDALAND

Modalen kommune:

29. Steinslandsheimen	hus nr.	1–12	172
30. Steinslandsstølen	hus nr.	13–18	182
31. Fjellstølen	hus nr.	24–23	186
32. Botnane	hus nr.	24–28	192
33. Nystølen (kustølen)	hus nr.	30–31	198
34. Nystølen (geitestølen)	hus nr.	32–33	202
35. Sundet	hus nr.	34	206
36. Kross-stølen	hus nr.	35–39	210
37. Straumestølen	hus nr.	40–41	216
38. Kroken	hus nr.	42–43	220
39. Tverrådalen	hus nr.	44–48	224
40. Vårstølen (Nåmdal)	hus nr.	49–51	230

1 Solrenningane


Høyanger kommune




I ein vid og frodig dal øvst i skogbeltet ligg stølen Solrenningane. Den ligg i eine fjellsida, på ein tørr hamar – «Selshamaren» – som delvis består av morenemassar. På kvar side går det bekkedrag. Terrenget er for det meste myrlendt. Her er rikt fjellbeite, fiskevatn og rypterreng. Det finst i alt ni sel. Av desse er fire ruinar. Unnateke eitt er alle bygde i stein. Taka er åstak med torvtekking. Sela er toromshus med eit indre rom for opphald (innsel) og eit ytre rom for ysting og grovare arbeid (skot). Inn-

gangane vender bort frå vinddrevet som stryk oppetter dalen frå sør og vest. Opphaveleg skal stølen ha lege nedanfor hamaren lenger sør, men han vart flytta etter ein elveflaum (tidleg på 1800-talet?). Stølen tilhører gardane Brekke, Tune og Sande i Ortevik og Instevik. Kvar brukar hadde sitt sel. Dei delte dalen mellom seg i beite- og hogstområde. No når drifta er slutt, ser vi korleis krattskogen gror til i fjellsidene.




Solrenningane 660 m.o.h.





situasjon – hus nr. ① - ⑨

1 Solrenningane



0 1 2m

1 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: LASSE BREKKE
Ortnevik
Gnr. 2, bnr. 1



Selet har mura veggar av gråstein. Den innvendige deleveggen mellom innselet og skotet er òg mura. Taket har åsar og torvtekjkjing. Innselet er panelt, og det er lagt bordgolv. Her er også ein vedomn.

2 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: KÅRE ØSTERBØ
Ortnevik
Gnr. 4, bnr. 1



Selet har mura veggar. Skiljeveggen mellom innselet og skotet er ein bordvegg. Taket har åskonstruksjon, og det er kledd med bølgjeblekkplater og lok frå jernfat. I innselet er det veggpanel og tregolv. Det er òg laga plass for vedomn.

3 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: EINAR OPPEDAL
Ortnevik
Gnr. 4, bnr. 12



Dette er murane etter eit sel. Det er delt i to rom med ein mura skiljevegg.



4 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: JAN T. SEMB
Ortnevik
Gnr. 3, bnr. 2

Tufta innehold restane etter eit sel. Det har vore delt av i to rom.



5 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: GEORG BREKKE
Ortnevik
Gnr. 2, bnr. 2




Selet har mura veggar og åstak. Det er tekt med torv. Den innvendige deleveggen mellom innselet og skotet er i stein. Innselet er panelt, det er lagt bordgolv her, og det er plass til vedomn.

6 sel




BYGGEÅR: (?)
EIGAR: JON DYRDAL
Ortnevik
Gnr. 2, bnr. 3

Selet har mura veggar og åstak tekt med torv. Skiljeveggen mellom innselet og skotet er av stein. Veggane i innselet er sementpussa. Det er lagt tregolv i rommet, og det er plass til vedomn her. I vestveggen er det eit attfylt vindauge. Det tilbygde skuret har vore nytta som ved- og torvlager.





1 Solrenningane



0 1 2m

7 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: T. SANDE, A. ØVERÅS
Ortnevik
Gnr. 3, bnr. 1, 2



Dette selet skal vera samansett av to to-roms sel. Dei midtre romma var inn-sel, dei to enderomma var skot. Skotet mot aust er bygd i stenderverkskonstruksjon, elles er selet lafta. Taket har sperrer og mønsås. Det er torvtekt. Vestveggen er utvendes kledd med bølgjeblekplater, elles er bygningen panelt.

8 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ANDERS BREKKE
Ortnevik
Gnr. 2, bnr. 5



Dette er grunnmurane etter eit sel i stenderverkskonstruksjon.

9 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: INGVAR TUNE
Ortnevik
Gnr. 3, bnr. 1



Tufta inneheld grunnmurrestar etter eit sel.

2 Hanekamstolen


Vik kommune




Hanekamstolen ligg i snaufjellsona. Stølvollen ligg romsleg på eit flatt platå oppe i ei austvendt fjellsida. Det er vidt utsyn over ein stor elvedal. Denne elvedalen er kupert, men oversiktleg. På kvar side av platået renn bekkar. Terrenget er tørrlendt. Ein kan sjå over til Dunevollen. Til Alrekstolen er det omlag tre kvarter å gå. Det er to sel her i dag, og

ruinar av eit tredje. Dei to er mura opp av stein og har åstak. Dei er samanbygde i kortendane slik at innsela vert liggjande vegg i vegg, og skota i kvarsinnende av den lange bygningen. Like ved, under ein stor stein, er det innretta eit einfelt ly for sauene. Dei som stølte her var frå garden Hanekam.

Hanekamstolen omlag 780 m.o.h.








situasjon – hus nr. ① – ③

0 5 10m



2 Hanekamstolen



0 1 2m

1 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: ENDRE HANEKAM
Hanekam, Vik i Sogn
Gnr. 72, bnr. 1



Selet har mura veggar og åstak kledd med bølgjeblekkplater. Den innvendige deleveggen mellom innsel og skot er ein bordvegg. Selet er samanbygd med sel nr. 2.

2 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: ERNST BJØRKVIK
Østenstad
Gnr. 72, bnr. 2



Selet er samanbygd med sel nr. 1. Det har mura veggar og åstak tekta med grøne korrugerte aluminiumsplater. Skiljeveggen mellom innsel og skot er mura. Selet er kledd med panel inne, og det er lagt tregolv i både romma. Selet vart vølt i 1975.

3 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: ANDERS BJØRKVIK
Sylvarnes, Vik i Sogn
Gnr. 72, bnr. 2, 3



Dette er restane etter ein bygning som har vore bygd i stein.

3 Dunevollen


Vik kommune




Stølen Dunevollen ligg der dalen frå Budeievatnet og Hanekamstølen i nordvest møter den bratte dalen ned mot Fidnabotn i nordaust. Her nede i svingen har ein eit storslege utsyn i både retningar. Skog er her ikkje, berre graskledda haugar mellom myrlendte søkk. Terrenget er kupert, men likevel ope. Det er prega av fleire karakteristiske grusryggar som dannar grasvollar. Husa ligg på ein lang

grusrygg som går i retninga nordvest-søraust. Dei er delvis gravne inn i bakken på austsida av ryggen. Det er tre hus her. Av desse har to berre grunnmurane att. Det tredje selet er eit tømmerhus med åstak og kjellarrom. Dunevollen høyrer til Nese i Arnafjord. Folket frå Finden i Fidnafjorden leigde stølsrett her frå 1909 til 1939.


Dunevollen 802 m.o.h.








situasjon - hus nr. ④ - ⑥

0 5 10m



3 Dunevollen



0 1 2m

4 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: BOTOLV FINDEN
 Fidnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 68, bnr. 2



Selet har innsel og eit lite skot. Innselet har lafta veggar med ytterkledning av bølgjeblekkplater. Taket har åsar, og det er tekt med same slags plater som veggane. Det er lagt tregolv i både romma. Kjellarmurane er delvis gravne inn i bakken.

5 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: INGVALD RØYRVIK
 Vik i Sogn
 Gnr. 68, bnr. 3



Desse murane er gravne inn i bakken. Steinane på vestsida kan ha vore dør-helle.

6 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: ODD NUMEDAL
 Fredrikstad
 Gnr. 68, bnr. 1



Desse murane som er gravne inn i bakken, er restane etter eit fjøs. I veggen finn ein feste for tjoring.

4 Alrekstølen


Vik kommune




På veg mot Solrenningsvatnet renn Alrekkelva forbi ein terrasse i ein vid dalbotn. Her ligg dei sju husa som hører til Alrekstølen. Det er utsyn både oppover og nedover dalen. På kvar side av stølsvollen renn det ein bekk frå fjellsida og ned i elva. Stølen ligg omlag i skoggrensa. Terrenget er litt kupert, men ope. Det er stutt veg til fleire fiskevatn. Husa ligg langsetter ein liten, tørr rygg på stølsvollen. Alle er bygde i stein, og dei har åstak. Den

staselege fjøsbygningen (nr. 7) er samanbygd med eit sel. Det har ein uvanleg takkonstruksjon. Denne bygningen gjev stølen eit sær preg. Det same gjeld kanalen som er graven for vassforsyninga. Vassveita går frå den eine fjellbekken, over stølsvollen og like ned forbi selsdørene. Det var brukarane på garden Alrek innanfor Ortnevik som stølte her.

Alrekstølen – omlag 700 m.o.h.







situasjon - hus nr. 7 - 13

0 5 10m




4 Alrekstølen

7




snitt B-B




snitt C-C

8




76 TERRENG-DK. MUR



snitt A-A


10



9

plan

0 1 2m



snitt

7 fjøs

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: GUSTAV ALREK
 JON KLEPPE (?)
 Gnr. 75, bnr.



Veggane er mura av gråstein. Fjøset har åstak med midtberinga på reiste bjelkar i staden for på ein delevegg i mur slik det oftast vert gjort. Samanlikn med nr. 13 og nr. 23. Taket er tekt med bølgjeblekkplater. Det er ein hellelagd platning på kvar side av møkarennna.

8 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: JON KLEPPE(?)
 Gnr. 75, bnr.



Selet har mura veggar og åstak med bølgjeblekkplater. Skiljeveggen mellom innsel og skot er av stein. I skotet er det opning i røstet. Innselet har tregolv, det er panelt, og ein har vedomn her. Langs gavlenden er ein låg benk. Det er ljore i taket i innselet.

9 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: GUSTAV ALREK(?)
 Gnr. 75, bnr.

Selet er mura av gråstein og har innsel og skot. Den innvendige skiljeveggen er av stein. Taket har åsar og er tekt med bølgjeblekkplater. Innselet har tregolv, det er panelt og i taket er ein ljore. Skotet har grue og opning i røstet over inngangen.

**10 tuft**

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: SVERRE ALREK
 Alrek, Vik i Sogn
 Gnr. 75, bnr.

Dette er murar etter eit sel som har vore delt i to rom.



11 sel

BYGGEÅR: Omlag 1925
EIGAR: SVERRE ALREK
Alrek, Vik i Sogn
Gnr. 75, bnr. 2

Selet er delt i innselet og skot. Innselet har mura veggar, skotet er bygd i stenderverk. Taket har åsar som er tekt med torv over innselet og bølgjeblekkplater over skotet. Dei låge murane i skotet vert brukte som hyller.



12 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: (?)
Gnr. 75, bnr.




Denne tufta inneheld mest berre steinar i bakkenivå.



13 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: GUSTAV ALREK(?)
Gnr. 75, bnr.


Bygningen har mura veggar og åstak med midtbering på reiste bjelkar. Samanlikn med nr. 7 og nr. 23. Det søre rommet er truleg eit fjøs, dei to andre er innselet og skot. Innselet er panelt, det er lagt tregolv, og det har vedomn.



0 1 2m

5 Åsedalen

Vik kommune



Stølen Åsedalen ligg langs kanten av eit flatt platå opp i ei vestvendt fjellsida. Nede i dalbotn renn ei elv. Nokre hundre meter fra stølen, nede ved elva, ligg ei turisthytte til Bergen Turlag. Fleire turruter møtest her.

Terrenget er ope, tørt og lett å gå i. Utsynet er vidt over heile dalføret – vi er i snaufjellsona. Frå stølen har det vore lett å halde oppsyn med buskapen. Ein



fjellbekk renn ut i eit mindre vatn i bakkant av platået.

I alt høyrer åtte hus til stølen, av desse ligg tre i ruin. Av dei fem som står, er to i tømmer med sperretak, og tre er steinhus med åstak.

Åsedalen høyrer til bruka på Åse i Indrefjord.

Åsedalen 854 m.o.h.

situasjon – hus nr. 14 – 21





14 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: TRYGVE ÅSE, ARNE ÅSE
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 60, bnr. 1

Selet har innsel, skot, og eit kjellarrom mellom murar som er inngravne i bakken. Innselet er tømra, skotet er bordkledd stenderverkskonstruksjon. Utvendes er selet panelt med unnatak av nordveggen. Det har sperretak med torv over innselet og bølgjeblekplater over skotet.





15 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: (?)
Gnr. , bnr.






Tufta innehold restar etter murar.



0 1 2m

5 Åsedalen



0 1 2m

16 fjøs

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: TRYGVE ÅSE, ARNE ÅSE
 Indrefjord, Vik i Sogn
 Gnr. 60, bnr. 1



Dette fjøset er mura av gråstein. Det har åstak som er tekt med bølgjeblekkplater.

17 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: PER TENNEFOSS
 Indrefjord, Vik i Sogn
 Gnr. 60, bnr. 5



Selet har innsel og skot. Innselet er ei lafta kjerne, skotet har stenderverkskonstruksjon. Utvendes er selet panelt, delvis øg kledd med bølgjeblekkplater. Taket er sperretak med bølgjeblekkplater.

18 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: (?)
 Gnr. , bnr.



Murane er truleg restar etter ein kjellar under ein lafta bygning.



19 fjøs

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: PER TENNEFOSS
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 60, bnr. 1

Fjøset har mura veggar og åstak med midtbering på tresøyler. Oppå åsane er det lagt bølgjeblekplater.



20 tuft

BYGGEÅR:
EIGAR:




Tufta inneholdt restane etter ein mur som er bygd inntil Fjøset nr. 18.



21 fjøs

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: JON I. HALSET
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 61, bnr. 2


Fjøset har mura veggar og åstak tekt med bølgjeblekplater. Det er lagt grovt hellegolv i rommet.



0 1 2m

6 Halsetstølen

Vik kommune





Halsetstølen ligg ved vestenden av Halsetvatnet. Husa ligg på ein haug i terrenget like ved elveutlaupet til Stordalen. Her er ialt seks bygningar, dei fleste er bygde ut mot ein bakkekant. Tre av husa er tømmerhus, to er steinhus med åstak, eitt berre att som grunnmur. Fjøset med møkadungar ved

kvar inngangsdør er særmerkt. Eitt av husa, nr. 22, er av nokså ny dato. Eit anna tømmerhus, nr. 25, var den gamle hytta til Bergen Turlag. Halsetstølen hører til Halsetgardane i Indrefjord.

Halsetstølen omlag 780 m.o.h.





22 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: (?)

Gnr. , bnr.

Dette huset har 1½ høgd og kjellar.



23 fjøs

BYGGEÅR: (?)




EIGAR: KÅRE HØNSI

Indrefjord, Vik i Sogn


Gnr. 61, bnr. 1

Fjøset har mura veggar og åstak som er tekt med torv og delvis med bølgjeblekk. Rommet har hellelagt golv og hellelagde pallar langs langveggane. Det er utgang i kvar ende av huset. Utanfor dørene er møkadungar.





6 Halsetstølen



0 1 2m

24 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: JON O. HALSET
 Indrefjord, Vik i Sogn
 Gnr. 61, bnr. 4


Dette selet har innsel, skot og kjellar med fjøs som delvis inngraven i bakken under innselet. Veggane er mura av gråstein, taket har åsar med bølgjeblekk over innselet, torv over skotet. Innselet og skotet har ulike takhøgder.

**25 sel**

BYGGEÅR:
 EIGAR: JON I. HALSET
 Indrefjord, Vik i Sogn
 Gnr. 61, bnr. 2

Dette er ei eldre hytta til Bergen Turlag.
 Trebygningen er oppført på ein mur som er inngraven i bakken.





26 sel

BYGGEÅR:
EIGAR: JOHANNES BALEVIK
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 61, bnr. 3


Selet har innsel, skot og kjellarrom mellom murar som er delvis inngravne i bakken. Innselet er ein lafta bygning, skotet er delvis mura, delvis bygd i stenverk. Utvendes er huset panelt. Taket har bølgjeblekplater over skotet, torv over innselet.



27 tuft




Denne muren er bygd inntil selet nr. 26.
Det er reist steinheller ved muren.



26


plan



27

26

plan kjellar




oppri ss



7 Valsvikdalen

Vik kommune





Stølen ligg i ein vid nord-sørgåande fjelldal ned mot Selhamarsvatnet. Stølshusa ligg mot ein fjellhamar i vest. I aust fører lia opp til Kvilesteinsvatnet som er oppdemd og avstengd med store steinfyllingar. I nord har ein utsyn mot Bjørnshaugen og det karakteristiske Raudberget. Det er berre lyng og grasvokster i området. Ein bekk renn nede i dalbotn, han gjev rikeleg med vatn. Verste verdraget kjem frå sør og søraust, inngangen til husa vender bort frå dette veret. Fjellhamaren skjermar noko for sola på den søre delen av vollen. Den nye anleggsvegen frå Voss–Vik-vegen er ført fram til omlag 500 meter frå

stølen. Det står tre hus i Valsvikdalen, eit mura sel med åsar og to lafta sel med sperretak. Det eine av desse er ombygd og påbygd slik at karakteren av å ha vore eit sel er endra mykje. I tillegg finn ein tre tufter.

Valsvikdalen er fjellstøl til Valsvikgardane i Framfjord. Desse gardane har heimestøl på Valsvikstølen rett opp frå Hellane. Stølsvegen kom opp frå bygda framom Valsvikstølen, Bjergane og langs vestbreidda av Kvilesteinsvatnet til Valsvikdalen.

Valsvikdalen 883 m.o.h.





situasjon – hus nr. 28 - 33

0 5 10 m



28 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: OLAV VALSVIK
Framfjord, Vik i Sogn
Gnr. 59, bnr. 3

Selet er ombygd og påbygd til hytte (frå sel med innsel og skot til hytte med stove, soverom, kjøken, gang og kott). Det gamle innselet er ei tømra kjerne, resten er bygd til i stenderverkskonstruksjon. Utvendes er det kledd med liggjande panel. Taket er tekt med bølgjeblekkplater. Vest for huset er det restar etter ein mur.



29 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: (?)
Gnr. , bnr.




Tufta inneheld restar etter ein mur som er bygd inntil knausar i terrenget.








30 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: (?)
Gnr. , bnr.

Tufta viser restar etter ein mura bygning som truleg har vore eit steinsel. Det har vore delt i to rom med ein mura skiljevegg. Murane er delvis nedgravne i terrenget.



7 Valsvikdalen



0 1 2m

31 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: (?)
 Gnr. , bnr.



Tufta inneheld murrestar etter ein bygning som har hatt to rom. Den innvendige skiljeveggen er av mura gråstein.

32 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: MAGNUS DALE
 Framfjord, Vik i Sogn
 Gnr. 59, bnr.



Selet har to rom, – innsel og skot. Innselet er lafta, og det har sperretak. Taket, veggane og døra er utvendes kledd med nye, irrgrøne bølgjeblekkplater.

33 sel

BYGGEÅR: (?) Innskr. på nord-gavl: 1869.
 EIGAR: MAGNUS DALE
 Framfjord, Vik i Sogn
 Gnr. 59, bnr.



Selet har veggar av gråstein og nylagt åstak som er tekt med torv. Murane er delvis inngravne i bakken. Selet har lio-re i taket i den indre delen av rommet. Det skal setjast inn ein skiljevegg av tre. Selet vert istandsett sommaren 1977.

8 Raudbergdalen

Vik kommune





fra sela

Stølen ligg i ein nord-sørgåande fjelldal som fører frå Selhamarsvatnet og oppover mot Bjergane mellom Bjørnshaugen i aust og Raudberget i vest. Dalen har eit karakteristisk tverrsnitt for denne delen av Stølsheimen: bratte og skifrige vestfall og slakare fall mot aust. Selsbøen ligg på eit flatare område i dalbotnen. Nedunder hamaren renn ein bekk. Øvst i dalen kan veret stå på hardt, medan det i nedre del av dalen er lunare. Hamaren i aust stengjer for mor-

gonsol. Frå sela er det utsyn nedover og oppover dalen. Det står tre hus på stølen, to sel med lafta innsel og skot i stenderverk og eit fjøs i stavbygg. Alle husa har sperretak. Det er og teke med ei tuft. Raudbergdalen er fjellstøl og hører til Hellegardane i Framfjord. Tidlegare låg stølen lengre fram i dalen mot Selhamarsvatnet. Det skal finnast tufter etter den gamle stølen.


Raudbergdalen 973 m.o.h.








situasjon - hus nr. 34 - til Bjergane 37

0 5 10m







snitt





snitt



snitt

36

37



0 1 2m

34 sel

BYGGEÅR: (?) Innskr. på innsel-
vegg: 1943.

EIGAR: OLAV HELLE
Framfjord, Vik i Sogn
Gnr. 58, bnr. 3(?)

Selet har lafta innsel og skot i stender-
verk. Taket har sperrekonstruksjon, og
det er tekt med torv over innselet og
bølgjeblekkplater i skotet. Utvendes er
huset kledd med bølgjeblekkplater på
verveggen, elles er det panelt. Skotet
har jordgolv med steinheller.

**35 sel**

BYGGEÅR: Omlag 1930.

EIGAR: MAGNUS FOSSE
Framfjord, Vik i Sogn
Gnr. 58, bnr. 1

Huset har lafta innsel og skot i stender-
verk. Taket har sperrekonstruksjon, og
taktekking er bølgjeblekkplater. Ut-
vendes er veggane i innselet kledd
med bølgjeblekkplater, i skotet er veg-
gane panelte. I skotet er det jordgolv
med steinheller, og ein har att restar
etter ei grue her.

**36 fjøs**

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: (?)

Gnr. 58, bnr.

Fjøset er bygd i stavbygg og det har
sperretak. Utanpå konstruksjonane er
veggane og taket kledd med rusta pla-
ter fra uthamra jerntømmer. I sør-
austveggen er ei luke, – ein opning for
å skyfla ut møkk. Fjøset har jordgolv.

**37 tuft**

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: (?)

Gnr. 58, bnr.

Tufta innehold restar etter ein grå-
steinsmur som er inngraven i vollen.





Stølen ligg i ein vid nord-sørgåande fjelldal. I aust ruver ein bratt fjellhamar, medan landskapet opnar seg mot nord og vest. I øst ligg demninga for Kvilesteinsvatnet, og den nye anleggsvegen frå Voss. Vik-vegen går framom her. Husa ligg på graskledde grushaugar i eit elles ope lende. Dei er noko utsette for veret frå sør. Det renn ein bekk ned mellom husa, og dessutan finn ein ei kjelde som har gjeve kaldt vatn til kjøling.

Det er ikkje skog på staden, men det skifrigje fjellet tett ved har gjeve godt byggemateriale.




Bjergane skal ha vore den siste stølen med full stølsdrift i Stølsheimen – siste støling var i 1973. Stølen har vore – og er framleis – ein vanleg stoppestad for turgårarar på veg inn i Stølsheimen. Båe selva som står i dag har fjøs i kjellaren og mura/lafta innsel med sperretak (det eine òg med mønsås). Nr. 41 har truleg vore av omlag same type. Stølen høyrer til gardane Lee i Framfjord. Desse gardane hadde ingen heimestøl.

Bjergane 893 m.o.h.





9 Bjergane



38 sel


«YTRE-LEE-SELET» BYGGEÅR: 1885

EIGAR: SIGURD LEE

Framfjord, Vik i Sogn

Gnr. 54, bnr. 3

Selet har innsel, skot og fjøs i kjellaren. Innselet har lafta veggar av plank med utvendes liggjande panel. Skotet er bygd i stenderverk, og døter kledd med oppreiste steinheller rundt nede ved bakken. Taket har sperrekonstruksjon og hanebjelke. Taktekkjing er bølgjeblekkplater over eit eldre torvtak. Selet vart påbygd i lengda i 1915, og det fekk ny paneling og bølgjeblekk på taket i 1970 og -76. Til 1915 hadde selet ljore.

**39 fjøs**

«TINA-FJOSEN»

BYGGEÅR: 1870

EIGAR: BERTINA LEE

Framfjord, Vik i Sogn

Gnr. 54, bnr. 4

Dette huset var opphavelig eit sel, men det har seinare vore brukt til fjøs. Gråsteinsmurane er delvis nedgravne i bakken. Taket har sperrekonstruksjon med bølgjeblekkplater og steinheller i nordre ende.





40 sel

«FREMME-LEE-SELET»

BYGGEÅR: 1918

EIGAR: JOHANNES O. DALE

OG ARNE LEE

Framfjord, Vik i Sogn

Gnr. 54, bnr. 2

Selet har innsel, skot og fjøs i den mura kjellaren. Murane er så høge at dei delvis dannar vegg i innselet. Over denne murkrona har innselet lafta veggar. Skotet er bygd i stenderverkskonstruksjon. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med bølgjeblikkplater. Dette selet vart bygd over grunnmuren til eit eldre sel frå 1819. I 1958 vart huset vølt, og bølgjeblikket på taket vart lagt i 1969.



41 tuft

«RUNDEHAUGEN»

BYGGEÅR: Omlag 1880



EIGAR: ARNE LEE

Framfjord, Vik i Sogn

Gnr. 54, bnr. 2




Murane er restar etter eit sel med fjøs i kjellaren slik som bygning nr. 38 og 39. Dette selet fall saman i 1928. Murane er inngagravne i jordvollen. Det visest merke etter bjelkelaget omlag ein meter under overkanten av murkrona.



0 1 2m

10 Hellestølen

Vik kommune



Landskapet i denne delen av Stølsheimen er prega av kraftige nord-sørgåande drag. Dal- og fjellsidene, og i særleg mon vestsidene, er bratte. Hellestølen ligg på ein langstrakt rygg oppunder eit slik markert bratt vestfall. Ryggen står fram som eit turare drag i eit elles noko myrlendt område. Det er god bjørkeskog her. Langs fjellsida renn ein liten bekk, noko lengre ned – innunder ryggen – ei større elv. Frå stølen er det ikkje langt fram til kanten der dalen stuper seg ned mot Indrefjord.

Stølen ligg fritt med utsyn mot nord og vest. Det finst i dag restar etter tre hus på stølen, to sel og eit fjøs innunder hamaren. Trerestar i det eine selet viser at det har hatt lafta innsel og sperretak. Inngangen vender nedover langs dalen, vekk frå det verste verdrevet. Hellestølen er ein vår-/hauststøl som hører til Halsetgardane i Indrefjord. Fjellstølen til desse gardane heiter Halsetstølen. Det er ikkje så langt frå gardane og opp til Hellestølen, men vegen er svært bratt og tung. Siste støling på Hellestølen var i 1925.


Hellestølen 882 m.o.h.

Oppunder ein hellar på ei hylle litt lengre opp i dalen, ligg Hillaren. Her er tre sel og eitt fjøs. Alle husa er verna av det store, overhengjande berget dei ligg innunder.

Denne stølen hører til Åsegardane i Indrefjord. Siste støling var i 1942. Åsedalen er fjellstøl til desse gardane.

Husa på denne stølen er ikkje oppmålt. Jmfr. foto neste side.

situasjon – hus nr. (42) – (44)





42 fjøs

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KÅRE NØNSI,
JON I. HALSET,
JON O. HALSET
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 61, bnr. 1, 2, 4

Dette skuret tente som ly for dyra i uver.
Det er bygd oppunder ein hellar, og er
gjort i stavbygg med bølgjeblekk på ta-
ket.



43 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KÅRE HØNSI, JON I.
HALSET, JON O. HALSET
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 61, bnr. 1, 2, 4

Selet har to rom. Innselet er lafta, sko-
tet er oppført i stavbygg. Utvendes er
skotet kledd med oppreiste steinheller.
Taket har sperrekonstruksjon, og det
er tekt med torv og bølgjeblekplater.







44 tuft

BYGGEÅR: (?)


EIGAR: JOHANNES BALEVIK
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 61, bnr. 3

Murane er restar etter ein kjellar som
truleg har vore fjøs. På desse murane
har det vore reist ein lafta bygning, eit
sel.



11 Rappen

Vik kommune






Rappen ligg nedst i ein elvedal ned mot vetele Rappavatn. Elva slyngjer seg nedetter mellom berg- og grushaugar, og rundt på desse ligg stølshusa. Selsvollen har frodig grasvokster. Det er ikkje skog kring i området. I vest ligg høge fjell (Killingdalsegg) som stengjer noko for ettermiddagssol. Frå stølen har ein fint utsyn sør- og austetter og over Rappavatnet. Dei to Rappavatna har vore kjende som gode fiskevatn. Det står i dag to hus på stølen. Ein finn dessutan murane etter to andre. Det eine selet

er påbygd/ombygd og vert nytta til sjølvbetjeningshytte av Bergen Turlag. Det andre selet har to rom, eit lafta innsel og skot i stenderverk, mura kjellar og sperretak. Nr. 47 har truleg vore eit steinsel. Rappen er fjellstøl og hører til gardane Kjelven og Fretheim i Indrefjord. Negardstølen er heimestøl til desse gardane. På Rappen vart det støl til 1966.

Rappen 946 m.o.h.





45 sel

BYGGEÅR: Etter utskifting i
1870–80 åra
EIGAR: OLAV FRETHEIM
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 63, bnr. 1, 2

Selet har to rom og fjøs i ein kjellar mura av gråstein. Innselet er lafta og delvis kledd med liggjande panel utvendes. Skotet er bygd i stenderverk, og det har kledning av oppreiste steinheller og panel. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med torv og dels bølgjeblekkplater.



46 tuft

BYGGEÅR: Før utskifting i
1860–70 åra
EIGAR: OLAV FRETHEIM
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 63, bnr. 1, 2




Dette er murar etter eit sel av gråstein. Det har hatt kjellar som har vore nytta som fjøs. Ein finn merke etter bjelkelaget i murane.



47 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: KJELL KJELVEN
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 62, bnr. 1

Tufta innehold murrestar etter eit sel. Murane er gravne inn i bakken.



48 turlagshytte

BYGGEÅR: (?), Tilbygg i 1953

EIGAR: KJELL KJELVEN


Indrefjord, Vik i Sogn

Gnr. 62, bnr. 1

Denne hytta var opphavelig eit sel med fjøs i kjellaren. I 1953 vart selet påbygd og ombygd til turlagshytte for Bergen Turlag. Hytta har 20–25 sengeplassar. Det gamle innselet er lafta, og tilbygget er i stenderverkskonstruksjon. Hytta har sperretak med bølgjeblekplater. Bygning nr. 49 er do til denne hytta.

12 Negardstølen

Vik kommune






Negardstølen ligg på ei markert berghylle i ei bratt dalside. Ned frå denne hylla har ein eit bratt og høgt stup. Stølen ligg i bjørkebeltet godt nedanfor skogsgrensa, men det er rydda rundt sjølv stølen og litt opp i lia. Det er eit godt stykke til skikkeleg vasskjelde. Frå stølen har ein fint utsyn ned til bygda og fjorden.

Stølen skal ha lege høgare oppe før (Øvstestølen). På Negardstølen er det fem bygningsar i alt – tett samanstuva på den heller trange hylla. To av husa er sel med lafta innsel, skot i stavbygg og sperretak.

Det eine har ei eldre lafta stove bygd inntil. Ingen av sela har vindauge, men ein finn restar etter ljore i taket i det eine. To av husa er stavbygde fjos, medan det femte berre er murrestar. Inngangen til husa er vende inn mot dalsida eller utover/nedover langs dalen.

Negardstølen er heimestøl for gardane Kjelven og Fretheim i Indrefjord. Desse gardane har fjellstøl på Rappen.

Negardstølen 660 m.o.h.





50 fjøs

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KJELL KJELVEN

Indrefjord, Vik i Sogn

Gnr. 62, bnr. 1

Fjøset er gjort i stavbygg med tre grinder. Nordveggen er utvendes kledd med jernplater fra tønner, elles er det panelt. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med torv på nordsida og jernplater på sørsida. Fjøset har jordgolv, og det har hatt båsplass for 14–16 kyr.

51 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KJELL KJELVEN

Indrefjord, Vik i Sogn

Gnr. 62, bnr. 1

Dette selet har tre rom: skot og innselet som i sør er bygde inntil ein eldre lafta bygning av øksa tømmer. Denne søre delen vert i dag nytta som vedskott. Innselet er lafta av plank, og skotet er bygd i stavbygg. Utvendes er selet kledd med liggjande panel. Taket har sperrekonstruksjon, i innselet også med mønsås. Det er torvtekt. Innselet har tregolv.

52 sel

BYGGEÅR: Etter utskifting i
1870–80 åra




EIGAR: OLAV FRETHEIM

Indrefjord, Vik i Sogn

Gnr. 63, bnr. 2




Selet har lafta innsel og skot i stavbygg. Skotet er ope i røstet. Sørveggen er panelt utvendes. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med torv. Innselet har bordgolv. Det er ikke vindaugeopning i selet, men i innselet er det ljore.





0 1 2m

12 Negardstolen



0 1 2m

53 fjøs

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: OLAV FRETHEIM
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 63, bnr. 2

Fjøset er bygd i stavbygg, og det har tre grinder slik som hus nr. 50, men dette er tydeleg nyare og i betre stand. Det er kledd med ståande panel. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med bølgjeblekkplater. I fjøset finn ein restar etter båsar og ein midtgang.



54 tuft


BYGGEÅR: (?)
EIGAR: OLAV FRETHEIM
Indrefjord, Vik i Sogn
Gnr. 63, bnr. 1

Gråsteinsmurane er restar etter eit sel. Dei er gravne inn i bakken, og nedanfor opninga er ein gjødseldunge. Det kan tyda på at selet har hatt fjøs i kjellaren.



13 Fosseset

Vik kommune





Stølen ligg i eit slakare parti midtvegs i lia opp frå Tenne ved Indrefjord. Ovafor stølen reiser ein berghamar seg, og ura frå denne kjem heilt ned mellom husa. Litt lengre borti lia stuper Breifossen seg ut over ein hamar. Beitelandet ligg vesentleg nedanfor stølshusa. Lia er søraustvendt og har tett og kraftig lauvtrevegetasjon. Stølvollen er i ferd med å veksa til med brake. Frå stølen har ein utsyn ned til Indrefjord. Det har berre stått to hus på Fosseset. Kring 1920 vart både tekne av skred. Berre det eine

vart bygd opp att med det same (nr. 56). Dette er seinare flytta ned til bygda. Selet som står på Fosseset no, vart bygd i 1930. Det har lafta innsel, skot i stavbygg og sperretak.

Fosseset er mellomstøl (liastøl) til dei Nesegardane i Arnafjord som hadde fjellstøl på Hest. Heimestølen til desse gardane ligg på Tenne heilt nede ved fjorden. Vegen vidare framom Fosseset går til Hest og Vatnane.

Fosseset 379 m.o.h.






situasjon - hus nr. 55 - 56


0 5 10m



13 Fosset




0 1 2m



55 sel

BYGGEÅR: Omlag 1930
 EIGAR: JON M. NESE
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 64, bnr. 5

Innselet er lafta av maskinskore tømmer, og skotet er bygd til i stavbygg. Skotet har opning i røstet over døra. Utvendes er skotet kledd med ståande panel. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblikkplater. I innselet er det lagt bordgolv og himling.

**56 tuft**

BYGGEÅR: Omlag 1920,
 Nedteke i 1971
 EIGAR: KARI OG MONS NESE
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 64, bnr. 8

Tufta innehold grunnmurrestar etter eit sel som vart bygd etter at dei gamle sela vart tekne av eit snøskred kring 1920. Fyrst var dette fellessel for bruk 5 og 8, seinare fekk bruk 5 eit eige sel (nr. 55). I 1971 vart selet teke ned og sett opp att som hytte nede i bygda.







Stølen ligg i ein aust-vestgåande fjelldal som strekker seg fram og ned mot Indrefjord. Til både sider av dalen har ein bratte fjell. Husa ligg i sørskråninga av ein langstrakt bergrygg midt etter dalen. På sørssida av ryggen renn elva (den same som stuper seg i fossefall ved Fosset), og på nordsida av ryggen har ein eit bekkefar. Det er myrlendt nede på flata. Ein må litt ned i lia for å finna skog. Frå ryggen har ein god oversikt både innover og utetter dalen. Litt lengre framme mot kammen ser ein ut over fjorden. Tre av husa ligg i sørskråninga av ryggen og har fjøs inngravne i bakken. Inngangen til sela ligg på oppsida, mot nord. To av desse har lafta innsel med

sperretak og skot i bindingsverkkonstruksjon. Berre kjellarmurane står att etter det tredje. Ein finn dessutan to tufter på vollen. Stølen hører til dei same Nesegardane som har mellomstøl på Fosset. Alle gardane hadde heimestøl på Tenne ved fjorden. Eit anna bruk hadde òg sel på Hest. Det vert fortalt at stølen skal ha lege lengre inne i dalen før.

På stølen HESTFJELL (903 m.o.h.) som ligg nær ved, skal det vera to sel som står.


Hest 764 m.o.h.







situasjon - hus nr. (57) - (61)


0 5 10m



opprikk



snitt



0 1 2m

57 sel

BYGGEÅR: Sist i 1920 åra

EIGAR: JON M. NESE

Arnafjord, Vik i Sogn

Gnr. 64, bnr. 5



Dette selet har innsel, skot, og fjøs i kjellaren som er inngraven i terrenget. Innselet er lafta, skotet er bygd i stenderverkskonstruksjon. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med bølgjeblikkplater. Også vestveggen er kledd med slike plater, elles er selet panelt utvendes.

**58 sel**

BYGGEÅR: 1919

EIGAR: KARI OG MONS NESE

Arnafjord, Vik i Sogn

Gnr. 64, bnr. 8




Selet er lafta innsel, skot i stenderverkskonstruksjon, og fjøs i kjellaren som har gråsteinsmurar inngravne i bakken. Utvendes er selet kledd med panel. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblikkplater. Selet er sett opp på ei eldre tuft.



59 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: GUNNAR ENGUM
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr.

Desse murrestane heitest å vera restar etter eit sel.



60 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: (?)
Gnr. , bnr.




Tufta innehold restane etter eit sel som truleg hadde fjøs i ein mura kjellar.



61 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: JON M. NESE
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 5

Desse murrestane heitest å vera resta-ne etter eit sel.




plan



0 1 2m

15 Vatnane

Vik kommune






Stølen ligg i ein vid fjelldal som strekkjer seg sørvestover ned mot Vatnavatnet. Stølsvollen ligg på ein flat rygg oppe i sørsida av dalen og ned mot elva som renn lengre ned i botnen. Ovanfor langs ryggen renn ein bekk som oftast ga nok drikkevatn. Stølen ligg fritt til med vidt utsyn både nedover mot vatnet og innetter dalen. Lendet er ope og lett å gå i. Beita skal vera særskilt gode. Det vart sett ut fisk i Vatnavatnet før, og det vart dreve ein del fiske. I alt er det ni bygningar eller restar etter bygningar å finna på Vatnane. Fire to-roms sel med tak står att, eitt av

desse er nyleg vølt. Tre av sela har lafta innsel, skot i bindingsverkskonstruksjon, fjøs i mura kjellar og åstak. Eitt er steinsel med åstak. Fire av dei andre tuftene er restar etter eldre sel, det siste etter eit fjøs (67). Inngangen til selna er på innsida mot fjellsida vendt bort frå dalen. Vatnane er fjellstøl og hører til dei Arnafjord-gardane som hadde mellomstøl på Roset. Alle gardane i Arnafjord hadde heimestøl på Tenne. Buferdsvegen gjekk rett opp lia frå Arnafjord, til Roset og Vatnane.

Vatnane om lag 900 m.o.h.





62 sel

BYGGEÅR: Omlag 1925
EIGAR: BJARNE VALSVIK
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 1

Selet har innsel, skot, og fjøs i ein mura kjellar som er inngraven i bakken. Innsellet har lafta veggar, og skotet er bygd til i stendervekkskonstruksjon. Taket har åsar, og det er tekt med brennlakkerte aluminiumsplater. Utvendes er selet kledd med trepanel.












63 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: BJARNE VALSVIK
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 1



Tufta innehold murrestar etter eit sel. Selet til bruk nr. 1 stod på desse mura- ne før. Kring 1925 vart det sett opp nytt sel til bruket litt lengre vest på stølsvol- len (nr. 62).





0 1 2m

64 sel

BYGGEÅR: 1931

EIGAR: OLA FINNEBOTN
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 2

Selet har innsel, skot, og fjøs i den murkjellaren. Innselet er lafta, skotet er bygd i stenderverkskonstruksjon. Utvendes er huset panelt. Selet har åstak, og det er tekt med bølgjeblekplater. I innselet er det lagt himling.

**65 tuft**

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: KRISTIAN OTTERSKRED
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 12

Tufta innehold grunnmurane for eit sel. Trekonstruksjonane vart nedtekne i 1952 og nyttta i tilbygget til hus nr. 65.



66 sel

BYGGEÅR: 1922, tilbygg i 1952
EIGAR: MONS NESE
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 3

Selet har lafta innsel, skot i stenderverkskonstruksjon, og eit tilbygg med ei lafta stove. Fjøset i kjellaren har solide gråsteinsmurar som er lagde inn i bakken. Selet har åstak og bølgjeblekkplater over torv som tekking. Utvendes er selet panelt. Tømmeret i tilbygget kjem frå selet som stod på grunnmurane i tuft nr. 66.







67 tuft

BYGGEÅR: Omlag 1870,
Nedteke i 1922
EIGAR: MONS NESE
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 3








Dette er murrestar etter eit fjøs. Mykje av steinen er nyttta i murane til hus nr. 65. Det er laga til kløvjarplass i muren.



0 1 2m

15 Vatnane



0 1 2m

68 tuft

BYGGEÅR: (4), Nedteke i 1906

EIGAR: OLA ENGUM

Arnafjord, vik i Sogn

Gnr. 64, bnr. 10, 11



Tufta inneheld murrestar etter eit sel.

69 sel

BYGGEÅR: Omlag 1905

EIGAR: OLA E. NESE

Arnafjord, Vik i Sogn

Gnr. 64, bnr. 4



Selet har mura veggar av gråstein. Det har sperretak med mønsås, og var tidlegare tekt med torv. Det er nå lagt nye aluminiumsplater på taket. Innvendes skal selet kleast med trepanel, det skal delast av i to rom og leggjast bordgolv. Ein finn merke etter mura skiljevegg. Istandsetjinga pågår sommaren 1977.

70 tuft

BYGGEÅR: Omlag 1850

EIGAR: OLA E. NESE

Arnafjord, Vik i Sogn

Gnr. 64, bnr. 4



Desse gråsteinsmurane står att etter eit innsel. Skotet som var bygd til, var reist i trekonstruksjon. Huset vart nytta som fjøs etter at sel nr. 69 var oppbygd.




Roset ligg på ei berghylle øvst i bjørkebeltet rett opp frå Arnafjord. Stølvollen er ein graskledd bergrygg som ligg noko høgare enn ei myr innanfor. Den einaste vasskjelda er eit bekkesig frå denne myra. Stølen ligg sør vendt og ope til for sol. Frå stølen har ein flott utsyn ned til fjorden og austover mot Jotunheimen. Vestre delen av vollen ligg noko utsett til for skred. Bjørkekrattet kryp stendig høgare og lengre innover stølvollen.


Roset var mellomstøl, berre i bruk to veker om våren

og ei veke om hausten. Alle husa på stølen var mura sel, ein finn ikkje restar etter fjøs. Det er berre eitt av desse som står i dag. Det har to rom, innvendig skiljevegg av tre og åstak. Inngangane er vende utover mot dalen. Nr. 77 viser restar etter ein bygning med tre rom.




Roset var mellomstøl for dei same gardane i Arnafjord som stølte på Vatnane. Heimestølen låg på Tenne.

Roset 769 m.o.h.






situasjon - hus nr. 71 - 77




seitt



0 1 2m

71 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: MONS NESE
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 64, bnr. 3



Tufta er etter eit sel. Denne staden var svært utsett for snøskred, og selet vart seinare flytta til den plassen der sel nr. 73 står i dag.

72 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: (?)
 Gnr. bnr.



Murane er etter eit sel. Det har vore delt av i to rom med ein skiljevegg av gråstein.

73 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: MONS NESE
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 64, bnr. 3



Selet har mura ytterveggar av gråstein og åstak med torvtekking. Innvendes er det panelt, og deleveggen mellom innselet og skotet er av tre. Selet er flytta frå selstuft nr. 71.



74 sel

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: OLA ENGUM
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 10, 11

Selet har mura gråsteinsveggar og åstak. Det er delt av i innsel og skot med ein skiljevegg av tre. Innvendes er selet kledd med trepanel. Det er lagt tregolv i innelet, i skotet er det lagt steinheller. Istandsetjing og innreiingsarbeid vert gjort sommaren 1977.



75 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: BJARNE VALSVIK
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 1




Gråsteinsmurane er restar etter eit sel.

76 tuft


BYGGEÅR: (?)
EIGAR: KRISTIAN OTTERSKRED
Arnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 64, bnr. 12



Gråsteinsmurane er restar etter eit sel.



0 1 2m



77 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: (?)
Gnr. bnr.



Murane viser restar etter ein langstrakt
bygning som truleg har vore delt i tre
rom.

17 Rotteskardet


Vik kommune




Stølen ligg i bjørkebrynet i fjellsida rett opp for Otterskredgardane ved Arnafjorden. Husa ligg på to avsatsar i ei bratt graskledd skråning. Stølsvollen er elles avgrensa av steinurer og eit skar i nord. Frå stølen har ein fint utsyn over Arnafjorden. Det er vanskeleg med drikkevatn her. Stølen ligg under bratte fjellsider som gjer at sola glar tidleg. Ein finn restar etter to sel her. Det eine har lafta innsel og sperretak. Etter skotet visest berre murar.

Det andre huset er det att berre murar av. Siste støling på denne stølen var i 1946. Då vart stølen flytt til Johansen litt lengre ned og innover i fjorden. På Johansen vart det berre stølt i eitt år. Frå Johansen var det betre tilgang på skog. Rotteskardet er heimestøl for Otterskredgardane. Desse gardane har fjellstøl på Hestfjell.

Rotteskardet 702 m.o.h.






situasjon – hus nr. (78) - (79)

17 Rotteskardet



Snitt



plan



plan

0 1 2m

78 sel

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: HARALD OTTERSKRED,
 PETRA OTTERSKRED(?)
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 65, bnr. 1, 2



Selet har hatt innsel og skot. Innseleter lafta, og det har tregolv og sperretak med bølgjeblekkplater. Berre ein gråsteinsmur står att etter skotet. I innselet finn ein restar av ein ljore.

79 tuft

BYGGEÅR: (?)
 EIGAR: KRISTIAN OTTERSKRED
 Arnafjord, Vik i Sogn
 Gnr. 65, bnr. 3



Dette er murane etter eit sel som i 1946 vart flytta til ein ny støl, Johansen, som ligg noko lenger ned og innover i fjorden. Selet har hatt fjøs i kjellaren som delvis er inngraven i bakken.

18 Hustavenesstølen

Vik kommune




Ein markert rygg stikk fram i fjorden rett opp for Hustavenes. På ein avsats av denne øvst i bjørkebeltet ligg Hustavenesstølen. Sjølve avsatsen er open og har godt beiteland, medan lia nedanfor er attvakse med bjørkeskog. I vest stuper lia seg ned i eit djupt gjel.


Inst inne på avsatsen har ein eit myrsig, medan selet står på ein tørrare grasvoll. Det er dårleg med drik-

kevatn her. Hustavenesstølen er ein solrik stad, og stølen ligg så langt fram at ein har flott utsyn både austover og vestover Sognefjorden. Det står berre eitt hus på stølen. Det inneheld både sel og fjøs. Selet er lafta og har sperretak, fjøset er bygd i stenderverk.


Hustavenesstølen 552 m.o.h.




situasjon – hus nr. (80)



18 Hustavenesstolen



snitt



plan

80 sel


BYGGEÅR: (?)

EIGAR: BJØRN SALBU

Hustavenes, Vik i Sogn

Gnr. 66, bnr. 2

Selet er bygd inntil eit fjøs. Selet har lafta veggar og sperretak med brenn-lakkerte aluminiumsplater. Fjøset er bygd i stenderverkskonstruksjon med ståande panel utvendes. Det har sperretak som er tekt med bølgjebleggplater og uthamra jerntønneplater. Både selet og fjøset har jordgolv.






Vårstolen til Geithus ligg øvst i ei grasglenne i den skogkledde ryggen rett opp frå gardane. I dag står skogen tett kring stølsvollen, og skogen skjermar både for sol og utsikt. Det har vakse til mykje den siste mannsalderen. Det vart dreve slått i liene her, m.a. her på Vårstolen. Kring stølsvollen finn ein opprøysa stein etter rydding.


Selet som ein berre finn utydelege murrestar av i dag, stod til omlag 1930. Slåttedrifta vart dreven også etter den tid. Stølen er vårstol til Geithusgardane. Desse gardane har sommarstol på Yttestø-

len noko lengre vest. Fyrst vart buskapen dreven opp til Vårstolen, så ned att til fjorden og opp att til Yttestølen. Gjela mellom stølane er for stygge til at ein kunne driva buskapen fram i lia.


Det seiest at Geithusgardane eingong hadde fjellstøl i Tolleknivbotn – ein hengedal til Finden. Vegen dit var vanskeleg, buskapen måtte førast over Einebærfjellet (1213 m.o.h.) eller med båt til Finden. Det visest ikkje merke etter noko der i dag.

Vårstolen omlag 400 m.o.h.





19 Vårstølen



0 1 2m

81 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: OLAV GEITHUS,
BJARNE GEITHUS
Geithus, Vik i Sogn
Gnr. 66, bnr. 1, 3



Murrestane er etter eit sel. Huset stod
til omlag 1930.

20 Yttestølen


Vik kommune





Stølen ligg på ei hylle øvst i den bratte lia opp frå Sognefjorden. Den frodige stølsvollen er kransa av nokre knausar, og bak desse stuper lia bratt ned i fjorden både i nord og vest. Ovanfor vollen går det bratt til fjells. Skoggrensa gjekk før rett nedom stølen, men no gror det til meir og meir med bjørkekratt høgare opp i lia. Geitene heldt det snautt før. Det er særslig fin utsikt både austetter inn mot fjellheimen og mot vest utover fjorden. I lia mellom gardane og stølen har ein to stygge gjel der det går årvisse,

stygge snøskred. Vatn tek ein i eit par kjelder. I turre somrar kunne det vera snautt med vatn. Det står i dag to hus på stølen. Det er eit lafta sel med skog og fjøs i kjellaren, og eit steinfjøs med åstak. Stølen høyrer til dei to Geithusgardane. Plassfolket på Geithus skulle i si tid òg ha hatt sel på stølen. Geithus hadde heimestøl på Vårstølen. Stølsdrifta på Yttestølen vart halde oppe fram mot 1970.

Yttestølen 578 m.o.h.







82 sel

BYGGEÅR: 1886

EIGAR: OLAV GEITHUS,
BJARNE GEITHUS
Geithus, Vik i Sogn
Gnr. 66, bnr. 1, 3


Selet har innsel, eit stort skot, og fjøs i den mura kjellaren. Innselet har lafta veggar og det er kledd utvendes på sør austveggen. Skotet er bygd i stavbygg og det har ståande panel utvendes. Taket har sperrekonstruksjon og er tekt med bølgjeblikkplater. Skotet har ljore, og i innselet er det laga ei hylle langs gavlveggen. Selet skal ha vore flytta frå ein annan stad på selsbøen i 1886.

**83 fjøs**

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: OLAV GEITHUS,
BJARNE GEITHUS
Geithus, Vik i Sogn
Gnr. 66, bnr. 1, 3

Fjøset har låge mura veggar og åstak med bølgjeblikkplater. Det var opphavleg fjøs for kyr då det gamle selet ikkje hadde kjellar. Seinare har det tent som geitefjøs fram til omlag 1970.



21 Botnадalen


Vik kommune




Fidnabotn er kjend for vill natur. Bratte fjellsider stuper seg ned i fjorden. Nett her gjer fjorden ein krok, slik at ein er omkransa av fjell på alle kantar. Stølen ligg fremst i Botnådalen, ikkje langt frå dei nedlagde gardane Fidnabotn ved fjorden. Stølsvollen er graskledde sletter bak ein berghamar innkransa av høge fjell. Dei skjermar for sola. Vidare innover dalen går beitemarka over i ei svær ur. Langs vollen har det vore lagt opp ein steingard. Ei elv renn framom. Det står berre eitt hus i Botnådalen

i dag. Det er eit lafta sel med skot i stavbygg og med åstak. Ein finn dessutan murar etter eit anna hus. Botnådalen var heimestøl for gardane i Fidnabotn. Desse gardane er nedlagde, men husa vert haldne vedlike og brukte som feriehus. Stølen vart dreven fram til omlag 1965. Dei siste åra vart han leigt bort og dreven som geitestøl. Fidnabotngardane har fjellstøl ved det hitterste Fagerdalsvatnet. Stien dit går vidare opp lia.



Botnådalen omlag 200 m.o.h.





situasjon - hus nr. (84) - (85)

21 Botnadalen



0 1 2m

84 sel

BYGGEÅR: 1948/49

EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORGHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1,2



Selet har innsel og eit stort skot. Innsetet er lafta, og skotet er bygd til i stavbygg. Det har åstak som er tekt med bølgjeblekkplater.

85 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2



Gråsteinsmurane er truleg etter eit sel som har hatt kjellar.

22 Fagerdalen

Vik kommune




Fagerdalstølen ligg på ein rygg frampå eit nes i det hitterste Fagerdalsvatnet. Stølshusa ligg frampå kanten ned mot vatnet. På desse fremste rabbane blæs snøen av. Lengre inne på ryggen har ein myrlende. Nord- og austover fører frodige dalar, i vest reiser det seg høge og snaue fjell.

Det einaste huset som er i bruk, er eit lite lafta sel som vart oppattbygd i 1976. Ein finn elles svært gode murar etter eit steinsel. I tillegg legg ein merke til tre hustufter som alle er usikre og utsøydelege.


Fagerdalstølen høyrer til dei to gardane i Fidnabotn. Fagerdalen er fjellstøl. Frå heimestølen Botnadalen går stølsvegen til fjells opp ei svært bratt og tung li.

I nyare tid kom stølen i drift i 1927 eller -28. Steinselet vart bygd då. Snøen braut det ned alt neste vinter, og tømmerselet vart bygd opp lengre frampå haugen året etter. Men det vart stølt her berre ein sommar etter dette.

Fagerdalen 875 m.o.h.






↑ ned til
høyeste Fagerdalsvatnet



situasjon - hus nr. (86) - (90)

22 Fagerdalen



86 tuft

BYGGEÅR: 1927 eller -28

EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORGHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2

Desse gråsteinsmurane som er særstak mura, står att etter eit sel. Det var i bruk berre eitt år før snøen braut ned taket og eit nytt sel vart bygd opp att på ein mindre snørik stad (nr. 88).

87 tuft

BYGGEÅR: (?)


EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORGHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2

Tufta inneholder restar etter ein mur som er bygd inntil ein knaus.

88 selBYGGEÅR: 1928 eller -29
ombygd i 1976EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg
BORGHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2

Selet har i dag eit lafta rom, men det var større før ombyggjing, og det hadde då innsel og skot. Selet har åstak som er tekt med torv. Veggane er utvendes kledde med bølgjeplater og dels med trepanel. Det er bordgolv i selet, dette er lagt oppå det gamle.





89 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2

Tufta inneheld murrestar.




90 tuft


BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ANDREAS RØYRVIK,
Flesberg,
BORHILD RØYRVIK,
Holmestrand
Gnr. 67, bnr. 1, 2

Tufta inneheld murrestar, og ho visest
øg som ei markert grop i terrenget.
Murrestane ligg inntil eit steingjerde.



↑ plan






↑ plan

0 1 2m

23 Skjemmedalen

Vik kommune



elv
bratt li
situasjon - hus nr. 91 - 93



Stølen ligg fremst i Skjemmedalen, rett før denne kastar seg i bratte stup ned mot Fidnafjorden. Dalen er ein V-dal med bratte og skogkledde sider. Stølen ligg i ein opnare og flatare del av lia ned mot elva. Stølsvollen er no attgrodd med bringebærkjerr og brennesle. På oppsida, mot sør og søraust vert dal-sida avgrensa av stupbratte hamrar. For å koma til bygds frå stølen må ein fyrst litt høgare opp i lia for å koma forbi eit av desse stupa. Frå stølen har ein utsikt utover fjorden. Det står tre lafta sel her no, alle er svært øydelagde av rote. Stølen vart teken opp mellom 1900 og 1919, og alle husa stammar frå den tida.

Stølen høyrer til gardane i Finden. Dette var heime-

stølen deira, seinare òg den einaste stølen. Fjellstølen til gardane var Dunevollen der dei leigde stølsrett frå 1909 til 1939. Gardane i Finden hadde sel på Smørklepp òg der dei hadde rett til beite i tre veker om sommaren.

På Skjemmedalen vart det stølt til 1953. Då husa i Skjemmedalen vart bygde, vart materialane frakta opp med løypestreng frå garden (300 meter høgdeskilnad). Likeiens var det då selet på Dunevollen vart bygd: Fyrst med løypestreng til Skjemmedalen, deretter vart materialane bore og køyrt innover fjellet.

Skjemmedalen 339 m.o.h.



91 sel

BYGGEÅR: Omlag 1910
EIGAR: ODD NUMEDAL
Fredrikstad
Gnr. 68, bnr. 1

Selet har hatt innsel og skot, men det er berre innselet ein finn att restar av over grunnmuren. Dette innselet er lafta, og det er utvendes kledd med liggjande panel på vestveggen. Ein vegg i skotet har vore mura.



92 sel

BYGGEÅR: Omlag 1910
EIGAR: BOTOLV FINDEN
Fidnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 68, bnr. 2, 4

Selet har innsel og skot. Innselet er lafta, skotet er oppført i stavbygg og har ein mura vegg. Takkonstruksjonen er sperretak, og det er tekt med torv. Nord- og austveggen er utvendes kledd med liggjande panel.






93 sel

BYGGEÅR: Omlag 1910
EIGAR: INGVALD RØYRVIK
Vik i Sogn
Gnr. 68, bnr. 3



Selet har innsel og eit stort skot. Innselet er lafta, skotet er i stavbygg og har ein mura vegg. Selet har åstak og er tekt med torv. Skotet har ståande panel utvendes.

23 Skjemmedalen



24 Smørklepp

Vik kommune



situasjon - hus nr. 94 - 98



Smørklepp ligg i bjørkebeltet i lia opp frå Vollevik. Furuskogen nedom er stor og gammal, noko som òg visest på stølshusa. Dei er lafta av kraftig, telja tømmer. Stølsvollen er stor og open og strekkjer seg over fleire avsatsar med knausar og berg inne iblant. I skogen krig er det fint beite. Stølen er kjend for det fine beitelandet, det fortel namnet òg. Det er ope og gode soltilhøve, og fint utsyn over Sognefjorden. Ein liten bekk renn forbi, men det kunne vera knapt med vatn i turre somrar. Stølstida var lang.

På stølen har ein i dag to lafta sel med skot i stenderverk, eitt lafta fjøs, og eitt lafta hus som i dag vert nytta som vedskott. Alle husa har sperretak. Ein finn dessutan ei tuft.

Smørklepp er heimestøl til dei to Vollevikgardane og Kyrkjeteigen. Kyrkjeteigen er nedlagt, men Vollevik brukar stølen ennå. Dei går kvar dag opp til stølen for å mjølka. Mjølka vert borene til gards. Finnen hadde òg stølsrett på Smørklepp. Den tradisjonelle stølinga vart dreven fram til omlag 1957. Volleviksgardane hadde fjellstøl på Øvstestølen. Midtvegs mellom Smørklepp og Øvstestølen finn ein gamle hustufter. Det skal vera restane etter Midselbøen til Vollevik. Denne stølen vart teken av snøskred for lenge sidan, heitest det. Inne i fjellet, øvst i Hanekamdalens, heiter det Vollevikskardet. Det er mogeleg at Vollevik eingong hadde fjellstølder.

Smørklepp 380 m.o.h.



94 fjøs

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ARVID VOLLEVIK,
ARNFINN VOLLEVIK
Vollevik, Vik i Sogn
Gnr. 69, bnr. 1, 2

Dette er eit fjøs for kyr. Det er lafta av grovt tømmer og har sperretak med bølgjeblekkplater. Bygningen har bjelkelag/betar og ei dør i røstet over inngangsdøra. Fjøset har båsplass for 12 kyr.



95 vedskott

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ARVID VOLLEVIK,
ARNFINN VOLLEVIK
Vollevik, Vik i Sogn
Gnr. 69, bnr. 1, 2

Huset har to rom. Den delen som i dag vert nytta som vedskott, er lafta av grovt tømmer. Tilbygget er reist i stenderverk. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med bølgjeblekkplater. I det lafta rommet er det lagt bordgolv. Røstet over inngangen er open.






96 sel



BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ARVID VOLLEVIK,
ARNFINN VOLLEVIK
Vollevik, Vik i Sogn
Gnr. 69, bnr. 1, 2

Innselet er lafta, og skotet er bygd til i stenderverk. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblekkplater som tekking. Sørveggen er panelt både på utsida og innsida. Vestveggen er utvendes kledd med jernplater. I innselet er det lagt bordgolv, skotet har jordgolv med steinheller. Langs gavlveggen i innselet er ein fast benk. Det er to dører mellom dei to romma.



24 Smørklepp



97 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: BOTOLV FINDEN
Fidnafjord, Vik i Sogn
Gnr. 68, bnr. 2, 4

Tufta inneholder restar etter murar som er lagde langs terrenget.

98 sel

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: GJERTRUD OG AGNAR
ORVEDAG
Vik i Sogn
Gnr. bnr.

Selet har innsel og skot der innselet er lafta og skotet bygd i stavbygg. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblekkplater. Under selet er ein «halvkjellar» som vert nytta til materiallager. Sørveggen er panelt utvendes. I skotet er det grue, og røstet er ope. Nedanfor selet er ein mura plattning.





Øvstestølen ligg på ein fjellrygg i lia opp frå Vollevik, omlag 250 meter høgare enn Smørklepp. Stølen ligg ovanfor skoggrensa. Langs ryggen er det tørt lende, nede i daldraga langs ryggen på både sider er det meir myrlendt. Det er ope og fritt her med flott utsyn nedover mot Smørklepp og utetter og innover fjorden. I dalen og vidare langs stien har ein eit bekkefar. Det kunne vera knapt med vatn om somrane. Veret kan stå på i den opne lia ved Øvstestølen, særleg frå sør og søraust. Det står eitt sel på Øvstestølen. Det vart oppsett i 1976, men bygd på

den gamle grunnmuren og av tømmeret av selet som stod her før. Det er lafta og har sperretak. Dessutan finn ein ei tuft rett under eit berg. Det kan vera etter gamleselet som vart nedbrote av snø og flytta.

Øvstestølen hører til Volleviksgardane. Kyrkjeleigen fekk støla her og, men bruket hadde eigentleg ikkje stølsrett på Øvstestølen. Heimestølen til Vollevik er Smørklepp.

Øvstestølen omlag 650 m.o.h.







situasjon - hus nr. (99) - (100)

0 5 10m

25 Øvstestølen



99 sel

BYGGEÅR: 1904 eller -05
ombygd i 1976

EIGAR: ARVID VOLLEVIK,
ARNFINN VOLLEVIK
Vollevik, Vik i Sogn
Gnr. 69, bnr. 1, 2

Selet har innselet og eit lite skot. Innselet er lafta av grovt, øksa tømmer, skotet er bygd til i stenderverkskonstruksjon. Taket har sperrekonstruksjon, mønsås og bølgjeblekkplater. Sørveggen av innselet er utvendes oversmurt med glassfiber, og vestveggen er kledd med bølgjeblekkplater. Selet var større før ombygginga i 1976.

**100 tuft**

BYGGEÅR: (?), nedteke i 1904
eller 05 (?)

EIGAR: ARVID VOLLEVIK,
ARNFINN VOLLEVIK
Vollevik, Vik i Sogn
Gnr. 69, bnr. 1, 2

Murane viser restar etter ein langstrakt bygning.



26 Sylvarnesdalen

Vik kommune



Sylvarnesdalen ligg i den øvre delen av ein open dal rett inn for Sylvarnesgardane. Dalsidene har bjørkeskog, stølsvollen er vid og open og gjev godt beite. Det renn ei elv forbi rett ved, det er den same elva som renn ut i fjorden ved gardane. Ho fører rikeleg med vatn, sjølv i turre somrar. Det verste verdrevet kjem strykande ned frå fjellet og møter oppsida av husa.


Det står to store hus på Sylvarnesdalen. Dei innehold skot, innsel, fjøs og vedskott som er bygde saman under eitt tak. Dei har òg fjøs i kjellar under innselet. Innselet er lafta av kraftig tømmer som er hogge i området mellom Øvstestølen og Sylvarnesdalen. Dette området er nært skoglaust i dag. Ein finn òg to hustufter, både etter sel. Til kvart av dei to

sela fører vassveiter frå elva og bekken. Dette er restar av eit system som vart laga for å nytta vasskrafta til å driva separatoren på stølen.


Stølen høyrer til Sylvarnesgardane. Dette er den einaste stølen til desse gardane. I Sylvarnesdalen var det tilstrekkeleg med beite og vatn heile sommaren gjennom. Husa er store og solide. Bjørkvik hadde òg sel her (tuft 104). På Sylvarnesdalen var det fast støling til byrjinga av 1950-åra. Seinare har det vore periodevis støling.

Litt lengre oppe i Sylvarnesdalen finn ein tufter etter ein eldre fjellstøl. Det skal òg ha vore ein heimestøl til gardane litt lengre ned i dalen.

Sylvarnesdalen 570 m.o.h.






SYLVARNESDALEN — OVERSYNNSKISSE FRÅ NORDAUST —



situasjon - hus nr. 101 - 104

0 5 10 m

26 Sylvarnesdalen





0 1 2m

101 sel

BYGGEÅR: (?) Inskripsjon på vegg i innsel: 1783e
EIGAR: REIDAR HJORTLAND
 Sylvarnes, Vik i Sogn
 Gnr. 71, bnr. 1

Skot, innsel, vedskot (tidlegare lammefjøs) og fjøs for kyr er bygde saman på rekkje under eitt tak. Under innselet og skotet er ein mura kjellar som er bygd inn i bakken. Denne var opphavelig kyrafjøs, men har seinare vore brukt som geitefjøs. Innselet er lafta av grovt tømmer som truleg har vore nyttar før. Novendane som stikk ut i skotet har såleis varierande lengde. Dei andre delane er bygde i stavbygg. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblekkplater over det heile. I innselet er det ljore og ein fast benk langs tverrveggen. Utanfor dørhella er det laga til kløvjar-plass.



snitt B-B

102 tuft

BYGGEÅR: (?)
EIGAR: LEIF HJORTLAND
 Sylvarnes, Vik i Sogn
 Gnr. 71, bnr. 2

Murrestane er den gamle selstufta frå før 1872. Selet vart då flytta dit det står i dag (nr. 102), ein stad der snøen ikkje samlar seg i slike mengder.





103 sel

BYGGEÅR: 1872(?)



Fjøs bygd til i 1930

EIGAR: LEIF HJORTLAND

Sylvarnes, Vik i Sogn

Gnr. 71, bnr. 2

Skot, innsele og fjøs er bygde saman på rekke under eitt tak. Under innselet og skotet er kjellar med eit eldre fjøs som var i bruk til 1930. Til skotet er det bygd eit vedskott. Innselet er lafta av kraftig, øksa tømmer. Resten er bygd i stavbygg. Taket har sperrekonstruksjon, i innsele og skot òg med mønsås, og det er tekt med bølgjeblikkplater. Vestveggen av skotet og innselet er kledd med bølgjeblikkplater, sørveggen er kledd med liggjande panel. I innselet er det ljore og ein fast benk langs tverrveggen. Utanfor dørhella er det laga til ein kløyjarstad.



104 tuft




BYGGEÅR: Omlag 1900

EIGAR: GUNNHILD KVÅLE

Sylvarnes, Vik i Sogn


Gnr. 71, bnr. 3

Murane er restar etter eit sel. Det har truleg hatt fjøs i den mura kjellaren som er bygd inn i bakken. Trekonstruksjonane fall i røys omlag 1965.



plan

0 1 2m
km




situasjon - hus nr. 105 - 107



Stølen ligg på ei flate i bjørkebeltet like ovanfor furuskogen i lia opp frå Hanekamb. Det er bratt ned til fjorden frå stølen, og det er og bratt li til fjells frå stølsvollen. I vest skjer eit gjel seg inn i lia. Stølsvollen står fram som ei tydeleg glenne i skogen. Det er lett tilgang på ved her. Beitelandeter bra, men det er heller vanskeleg med vatn. Frå stølen har ein flott utsyn over Sognefjorden mot Nessane, og utetter og innover fjorden. Staden er utsett for vind, særleg frå nord og vest.

Ein finn to tufter og eitt sel på Vindheim. Selet har to høgder med fjøs i fyrste og innsel og skot oppå. Innselet er lafta, hitt er bygd i lettare konstruksjon. Vindheim er heimestøl og hører til Hanekamgar-dane. Fjellstølen til gardane ligg i Hanekamdal'en inne i fjellet. På Vindheim vart stølsdrifta lagt ned på byrjinga av 1950-talet.

Vindheim 443 m.o.h.





105 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ANDERS BJØRKVIK
Sylvarnes, Vik i Sogn
Gnr. 72, bnr. 2, 3

Murane og haugen av trematerialar er restar etter eit sel.



106 sel

BYGGEÅR: Etter utskiftinga i
1883

EIGAR: ERNST BJØRKVIK
Østenstad
Gnr. 72, bnr. 2

Selet har fjøs i første høgda og innsel og skot i andre høgda. Til andre høgd er det mura ei stor trapp av gråstein. Fjøset er reist i stenderverk og har ståande panel. Innselet er lafta og panelt utvendes på sør- og vestvegg. Skotet er bygd til i stavbygg. Taket har sperrekonstruksjon og bølgjeblekkplater. I skotet er det ei stor mura grue.






107 tuft

BYGGEÅR: Før utskiftinga i 1883

EIGAR: ENDRE HANEKAM
Hanekam, Vik i Sogn
Gnr. 72, bnr. 1


Murane og materialrestane er etter eit sel.



0 1 2m

28 Vindhalsen

Vik kommune






Stølen ligg i eit slakare parti av ein fjellrygg rett opp frå Stavedal. Lia er bratt og tilvaksen med skog. I dag skal det vera vanskeleg å koma fram i lia. Stølen ligg på ein hals nett oppom skoggrensa. I dag veks det til med bjørkekratt over stølsvollen. Mot nord og nordvest er det stup. Det er ope og fritt her med utsyn utetter og innover Sognefjorden. Soltilhøva er gode. Veret kan stå kraftig på nord og vest. Stølstuftene ligg under ryggen i le for det verste

veret. Det er vanskeleg med vatn her, men beitelandet er bra.

Ein finn restar etter tre hus. To av desse har truleg vore sel med lafta innsel og fjøs i mura kjellar. Vindhalsen hører til garden Stavedal som er nedlagt i dag. Garden hadde heimestøl på ein annan rygg litt vest og ned i skogen. Stølsvegen frå garden til Vindhalsen gjekk innom heimestølen.
Vindhalsen 557 m.o.h.





108 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: ERLING STAVEDAL
Vik i Sogn
Gnr. 73, bnr.

Gråsteinsmurane er truleg restar etter ein kjellar som har vore fjøs. Ein finn lafestokkar og restar etter torvtak i tufta. Det kan tyda på at det har vore ei lafta høgd, eit sel, på murane. I vestre hjørne inn mot bakken er det reist steinheller.




109 tuft

BYGGEÅR: (?)

EIGAR: (?)
Gnr. 73, bnr.

Tufta innehold restar etter gråsteinsmurar som er gravne inn i bakken.






110 tuft

BYGGEÅR: (?)


EIGAR: SIGNE STAVEDAL
Vik i Sogn
Gnr. 73, bnr.

Gråsteinsmurane og dei restane av tre som står att på tufta, er restar etter eit sel med innsel, skot og kjellar. Innselet er lafta, skotet er bygd til i ein bindingsverkskonstruksjon. Taket har hatt sperrer og tortekjøring. Nedanfor og inntil dette selet er det murar jamnt med kjellarmuren.



29 Steinslandsheimen

Modalen kommune



situasjon:

eldre støl - hus nr. 1 - 5 , 11 , 12

nyare støl - hus nr. 6 - 10



0 5 10 15 20 25m




Steinslandsheimen ligg på ei elveslette i ein vid dal. Fjellsidene ikring er kledd med bjørkeskog. Elva frå Solrenningsvatnet renn forbi over sletta, men stølen er nærmest knytt til ein liten fjellbekk som munnar ut i elva. Husa ligg på grusunderlag på den tørre delen av sletta. Resten er våtlendt myr. Det er stutt veg til fiske i Stølsvatna. Stølen har vore flytta. Opphaveleg låg han lengre oppe i lia mot nord (hus nr. 1–5, 11 og 12). Desse husa er berre grunnmurrestar i dag.


Stølen er så blitt flytta nedover (hus nr. 6–10). Her er selva bygde i tømmer og med sperretak.


Nr. 10 er det eigentlege «Steinslandsheimen». Huset vart sett opp av grunneigarane som hytte og overnatningsstad for fjellvandrarar. Ei bru fører over bekken. Over elva finst det ein manuell stolhei. Stølen hører til garden Steinsland inst i Modalen. Når kraftutbygginga er fullført, vil dalen og stølen verta overfløynt, p.g.a. oppdemminga av Stølsvatna.

Steinslandsheimen omlag 550 m.o.h.



29 Steinslandsheimen






situasjon

nyare stol - hus nr. ⑥ - ⑩



29 Steinslandsheimen



1–5, 11, 12

Desse tuftene er det ingen nolevande som veit noko om. Det er difor uråd å veta kven som har ått sela (opplyst av Modalen kulturnemnd).

6 sel

BYGGEÅR: 1880

EIGAR: BORGHILD HEIMDAL
Fyllingsnes, Eikanger
Gnr. 84, bnr. 4



Selet har veggar som delvis er bygde av gråstein. Taket har sperrekonstruksjon og det er tekt med torv. Lafteveggane er panelte utvendes.

7 sel

BYGGEÅR: Før 1900

EIGAR: GUNNAR OG ALFRED
STEINSLAND
MODALEN
Gnr. 84, bnr. 3



Dette selet har tre rom. Den austre stova var «mjelkeselet». Den vestre stova er lafta, huset elles er bygd i stenderverk. Utvendes er selet panelt. Taket har sperrekonstruksjon og mønsås.



8 tuft

BYGGEÅR: Før 1900
EIGAR: ODDMUND STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 12

Denne tufta inneheld restane etter eit sel.






9 sel

BYGGEÅR: Før 1900
EIGAR: ODDMUND STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 12


Selet har tre lafta stover og eit midtrom med inngangsdøra bygd i stenderverkskonstruksjon. Det har sperretak med mønsås og er tekt med torv. Veggane er panelkledde utvendes. Huset vart ombygd kring 1941 og kring 1968.





0 1 2m

29 Steinslandsheimen




10 turlagshytte

BYGGEÅR: 1934

EIGAR: ODDMUND, MAGNUS,
ALFRED OG GUNNAR
STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84

Denne hytta heiter «Stinslandsheimen» og er turhytte for Bergen Turlag. Ho har lafta veggar og sperretak med mønsåsar. Taket har torvtekking, og veggane er panelte utvendes. Midtre rom i hytta er kjøken med vedomn. Ved inngangen er det bygd eit bislag. Tilbygget inneholder to soverom.



30 Steinslandsstølen

Modalen kommune





fra nord

Omlag midtvegs i dalen mellom Steinsland og Stølsvatna, i ei sør-aust-vendt dalside, ligg Steinslandsstølen. Sela er lagde på ein nokolunde slak voll som består av grusmassar. Frampå kanten skrånar det bratt ned mot Stølselva. Bak sela, langs skogbrynet, renn ein fjellbekk. Terrenget er kupert med store steinblokker omkring. Dalen er kledd med høg bjørkeskog. Stølen har i alt seks sel. Av desse er

berre eitt intakt i dag. Alle er tømmerhus. I nr. 14 er årstalet 1774 innhogge. Stølen hører til garden Steinsland, og han har vore nytta som geitestøl. Lengre oppe i dalen finn ein den gamle stølsvegen. Han har fint tillagde steinheller gjennom store parti ufarbar steinrøys.





Anleggsvegen til kraftutbygginga vil passera stølen.
Steinslandsstølen omlag 300 m.o.h.





situasjon - hus nr. 13 - 18

0 5 10m



Hus nr. 15, 16, 17 og 18 er ikke oppmålte.

16 tuft

BYGGEÅR: Omlag 1800
EIGAR: MAGNUS STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 5

Dette selet har hatt lafta veggar og det har vore delt i tre rom. Selet var før delt mellom to brukarar. Den søre delen tilhørde bruk nr. 5, den nordre enden tilhørde bruk nr. 1, 2.

17 tuft

BYGGEÅR: Seint på 1800-talet
EIGAR: ODDMUND STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 1, 2

Selet har lafta veggar, og det har vore delt i to rom.


18 tuft

BYGGEÅR: Seint på 1800-talet
EIGAR: ODDMUND STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 1, 2

Selet hadde lafta veggar.

13 sel

BYGGEÅR: 1774

EIGAR: Gunnar og alfred
Steinsland
Modalen
Gnr. 84, bnr. 3

Selet har to rom, det ytre for kjøken- og oppholdsfunksjonar, det indre for overnatting. Huset er bygd i stenderverkskonstruksjon, og det har sperretak med mønsås. Taktekking er torv. Selet er panelt innvendes og utvendes.

14 sel

BYGGEÅR: 1774

EIGAR: GUNNAR OG ALFRED
STEINSLAND
Modalen
Gnr. 84, bnr. 3

Selet har hatt to rom, innsel og skot. I dag er skotet samanrasa. Innselet er lafta, og det har sperretak med torvtekking. Det har tregolv og fleire faste hyller. Skotet har hatt liggjande panel utvendes. Over døra er årstalet 1774 skore inn.

15 sel

BYGGEÅR: 1941

EIGAR: (?)
Gnr. bnr.

Dette huset skal vera bygd av Nils Tyssebotn frå Tysse i Osterfjorden. Han dreiv med geiter her.



31 Fjellstølen


Modalen kommune




Fjellstølen ligg på ei flat og ope elveslette mellom høge fjell. Mot nord går eit dalføre. I liene er det glissen bjørkeskog. Sletta er for det meste myrlendt og våt. Terrenget er stort sett ope, men oppstigninga frå dalen er tung og bratt. Det renn ein bekk forbisela. Deter fem hus her. Av dei er tre ruinar. Dei

som står, er to-roms tømmerhus med sperretak, bygde opp på $\frac{1}{2}$ -1 m høge grunnmurar. Stølen hører til gardane Steinsland og Straume. Elva kjem til å bli tørrlagt eit lite stykke nedanfor stølen.


Fjellstølen omlag 600 m.o.h.










situasjon - hus nr. 19 - 23

0 5 10m



31 Fjellstølen



0 1 2m

19 sel

BYGGEÅR: Omlag 1920
 EIGAR: INGVAR STRAUME
 Modalen
 Gnr. 84, bnr. 4



Selet har innsel og skot. Heile bygningen er lafta, det er lagt sperretak med mønsås, og taket er tekt med torv.

20 tuft

BYGGEÅR: Omlag 1800
 EIGAR: OLAV HEIMDAL
 Bergsdalen
 Gnr. 83, 84



Desse murane står att etter eit sel.

21 sel

BYGGEÅR: 1924
 EIGAR: ODDMUND STEINSLAND
 Modalen
 Gnr. 84, bnr. 1, 2



Selet har innsel og skot. Båe romma er lafta. Det har sperretak med mønsås, og det er tekt med torv. I skotet er det ei oppmura rund steinhelle med ein vedomn.



22 tuft

BYGGEÅR: Omlag 1800
EIGAR: HARALD NYGARD
Straume, Modalen
Gnr. 83, bnr. 2



Gråsteinsmurane står att etter eit sel.
Ein finn òg restar etter ei tømra stove
og ei grue framme i skotet. Siste støling
på Straume var i 1930-åra. Etter den tid
har selet forfalle.




23 sel

BYGGEÅR: 1890–1900
EIGAR: BRUKARANE PÅ
Straume
Gnr. 83, 84

Denne stova skal ha vore fellesstove på
stølen. I dag finn ein att berre tømmer-
restar oppå grunnmuren.



0 1 2m



0 5 10m


situasjon – hus nr. (24) – (28)



Botnane ligg i eit bakkehall nær dalbotnen ved vegen opp til Nygard. Ein bekk renn forbi nord for sela. Staden er både lun og solfylt, med utsyn til fjella i Modalen. Nedanfor og langs vegen renn elva. Terrenget omkring er kupert, og i fjellsidene står det stor granskog.

Stølen har fem hus. Alle er lafta og har sperretak. Nr. 28 er eit felleshus, «stølsstova». Stølen hører til garden Øvre Helland. Etter vassdragsreguleringa vert truleg bekken borte, og elva frå krossvatnet vert på det nærmeste tørrlagt.

Botnane omlag 300 m.o.h.





24 sel

BYGGEÅR: 1910

EIGAR: HELGE HELLAND

Nesttun

Gnr. 81, bnr. 1, 2

Selet har lafta innsel og skot som er bygd i stenderverkskonstruksjon. Bygningen har sperretak som er tekt med torv. Utvendes er selet panelt unntake på austveggen av innselet. I både romma er det lagt tregolv.



25 sel

BYGGEÅR: 1915

EIGAR: GUNNAR ØVRE

Helland

Modalen

Gnr. 81, bnr. 4

Selet har lafta innsel og skot som er bygd i stenderverkskonstruksjon. Det har sperretak som er torvtekt. Selet er panelt utvendes med unnatak av langveggene av innselet. Både romma har tregolv.



26 sel

BYGGEÅR: Før 1930




EIGAR: JOHANNES ØVRE

Helland



Modalen

Gnr. 81, bnr. 3, 6

Selet har lafta innsel og skot som er bygd i stenderverkskonstruksjon. Taket har sperrar med torvtekking. Utvendes er selet panelt med unnatak av austveggen av innselet. Både romma har tregolv.




0 1 2m



0 1 2m

27 sel

BYGGEÅR: Omlag 1900
 EIGAR: RASMUS LODDEN
 Stord
 Gnr. 81, bnr.



Selet har innsel, skot, og kjellarrom mellom murar som delvis er inngravne i bakken under det indre rommet. Innselet er lafta, skotet er bygd i stenderverk. Taket har sperrekonstruksjon og torvtekking. Selet er panelt utvendes med unnatak av gavlveggen av innselet.

28 sel

BYGGEÅR: 1928
 EIGAR: BRUKARANE PÅ ØVRE
 HELLAND
 Modalen
 Gnr. 81



Denne stova vart nytta felles til opphaldføremål på stølen. Stova er lafta og har to rom. Ho har sperretak med mønsås og torvtekking. Utvendes er stova panelt. Båe romma har tregolv, og i det inste er det koyer.

33 Nystølen (kustølen)

Modalen kommune




På ein solfylt haug, med utsyn over Svartavatnet, ligg den eine Nystølen. Terrenget omkring er eit slakt dalterreng, steinfullt og relativt tørt. I fjellside ne veks det glissen bjørkeskog.



På austsida av haugen renn ein bekk forbi. På nordsida er det ei myrflate. Mot sør fell haugen bratt ned mot vatnet.

På stølen står det to hus, både av lafta tømmer og med sperretak. Det eine (nr. 31) er privat feriehus i dag. Nr. 30 er «mjelkeselet». Stølen var kustøl, skilt frå den andre Nystølen nær ved der dei hadde geiter.

Stølen hører til Nåmdal.

Nystølen (Kustølen) omlag 550 m.o.h.







situasjon – hus nr. (30) – (31)

0 5 10m


33 Nystølen




opprikk



plan



opprikk



plan

0 1 2m

30 sel

BYGGEÅR: 1882
EIGAR: EILIF NÅMDAL
Modalen
Gnr. 82, bnr. 1

Dette «mjelkeselet» har innsele og skot. Innselet er lafta, skotet har panelt stenderverk. I nordveggen av innselet er det ein attfyllt opning. Huset har sperretak med torvtekking. Det er lagt bordgolv i innselet.

**31 sel**

BYGGEÅR: 1853
EIGAR: HARALD NESET
Eksingedalen
Gnr. 82, bnr. 2

Selet er istandsett og omgjort til privat hytte. Tilbygget er ei vedbu.



34 Nystølen (geitestølen)

Modalen kommune



Nystølen (geitestølen) er bygd på steinfull mark nær ved elva som renn frå Svertavatnet til Steinavatnet. Staden er lun og solfyllt. Ikring er det kupert terreng med glissen bjørkeskog i dalsidene. Det er utsyn over Steinavatnet. Ein kronglete sti fører fram langs vatnet.


Det er to hus her. Det eine er lafta og har sperretak. Det andre er eit skur i stenderverk. Båe er bygde


kring 1930. Geitestølen hadde for si særlege drift stuttare veg til bygds og meir tilgang på vaskevatn enn kustølen.

Stølen hører til Nåmdal.

Etter kraftutbyggjingsplanane skal vassmengda i elva verta sterkt redusert.


Nystølen (geitestølen) omlag 510 m.o.h.







situasjon – hus nr. 32 – 33

0 5 10m



34 Nystølen



32 kokehus

BYGGEÅR: Omlag 1930
EIGAR: REIDAR NÅMDAL
Modalen
Gnr. 82, bnr. 1



Dette kokehuset har enkle bordveggar på stenderverk. Taket har sperrekonstruksjon og torvtekkjing. Det er lagt tregolv i feltet nærast døra, elles er det jordgolv. I dag vert dette huset nytta til vedbu.

33 sel

BYGGEÅR: Omlag 1930
EIGAR: REIDAR NÅMDAL
Modalen
Gnr. 82, bnr. 1





Den søre stova i dette selet er lafta. Den nordre stova og tilbygget mot vest er i stenderverk. Selet har sperretak med mønsås, og det er lagt torv som tekking.




Stølen ligg på ein rygg nedst i ein liten dal. På kvar side renn ein bekk ned mot ei myrflate der dei møtest med ei elv. Kring stølvollen er det bjørkeskog, terrenget er kupert, og utsynet frå stølen er såleis noko avgrensa.
Her er to hus. Det eine har lafte- og sperretakskonstruksjon. Det andre som ikkje er oppmålt, er eit


kokehus som nyleg er vølt. Det ligg nede ved den eine bekken, omlag 30 m sørvest for det første. Stølen høyrer til alle brukarane på Nygard. Selet vert i dag leigt ut som feriehus.
Med kraftutbyggjinga vil bekken verta borte. Ein køyreveg kjem til å bli lagt fram hit.
Sundet omlag 460 m.o.h.





situasjon - hus nr. 34





35 sel

BYGGEÅR: 1938
EIGAR: BRUKARANE PÅ NY.
GARD
Modalen
Grn. 85, bnr. 1, 2, 3

Dette selet har no tre rom. Stova mot nordvest er lafta, midtrommet og stova i søraust er bygde i stenderverk. Utvendes er heile huset panelt. Det har sperretak med mønsås, og det er lagt torv på taket. Selet er no i bruk som utleigehytte.






Kross-stølen ligg ut mot den bratte kanten av ein stor, flat terrasse i enden av ein fjelldal. I lia nedanfor er det bjørkeskog. Det er vidt utsyn over dalen nedunder. Ei større elv renn forbi nord for sela, ei anna sørvest for dei. Lengre inne på terrassen har det danna seg eit meir myrlendt og flatt parti. Husa ligg på den tørre delen.

Stølen har fem hus, av desse er to ruinar i dag. Dei som er att er bygde i tømmer- og stønderverkskon-


struksjon og har sperretak. Det er merke etter ei mura geitekve som aldri vart ferdig. Ein har fråsegn om to små hus som stod her tidlegare. Hus nr. 38 har nyttet ei av dei store steinblokkene som del av vegg. Nr. 35 er eit kokehus.

Kross-stølen høyrer til Nygard. Dei to elvane blir tørrlagde nett nedom sela.

Kross-stølen omlag 630 m.o.h.








A FRÅSEGN OM TIDL LITE SKUR
B FRÅSEGN OM LITE SEL
C STEIN I BAKKENIVÅ VAR PÅTENKT TIL SKJERKE
(KJELDE : HERTIN NYGÅRD)



situasjon – hus nr. 35 – 39

0 5 10m

36 Kross-stølen



0 1 2m

35 kokehus

BYGGEÅR: 1934

EIGAR: ØYSTEIN NYGARD
Lonevåg
Gnr. 85, bnr. 1

Kokehuset er bygd i stenderverk og det har enkle bordveggar. Taket har sperrekonstruksjon, i den nordre delen øg med mønsås. Ved sida av huset er det ein grunnmur.

36 sel

BYGGEÅR: Omlag 1880

EIGAR: ØYSTEIN NYGARD
Lonevåg
Gnr. 85, bnr. 1

Selet hadde innsel, skot, og kjellarrom for mjølkestellet inngrave i bakken under innselet. Innselet var lafta. Huset vart ombygd i 1940-åra. I dag har selet ei lafta stove som er delt på langs i to rom. Framfor inngangen er det støypt ei grunnmurstripe for seinare utviding.

37 sel

BYGGEÅR: 1926–27

EIGAR: DAGFINN STEINSLAND
Nygard, Modalen
Gnr. 85, bnr. 3

Den vestre stova er den eldste delen av dette selet. Ho er lafta, og tømmeret er frå bjelkane i Straumsbruene ved vestre enden av Herlongen. Den austre stova, mjølkebua, som øg er lafta, vart oppført kring 1940. Tømmeret til denne var frå sel nr. 38. Huset har sperretak med mønsås, og det er torvtekt.



38 tuft

BYGGEÅR: Byrjinga av 1800-talet

EIGAR: DAGFINN STEINSLAND
Modalen
Gnr. 85, bnr. 3

Tufta inneheld restane etter eit sel. Berre ei mura grue inntil ei steinblokk står att. Selet var mura og det hadde innsel og skot. Oppå murane var det lafta plank. Vestgavlen og den innvendige deleveggen hadde murhøgde på omlag ein meter. Gavlane var av øksa bjørkeplank. I innselet var det grue og skorstein. Restar av treverket vart kring 1940 nytta til oppføringa av tilbygget til sel nr. 37.





39 tuft

BYGGEÅR: Eldste del frå omlag 1800

EIGAR: BJARNE OG REIDAR NYGARD
Modalen
Gnr. 85, bnr. 2

Murane er restar av eit sel som var av dei eldste på stølen. Det kan vera dette selet som tilhørde bruk nr. 1 før garddelinga i 1860–63. Selet var inngrave i vollen, og det hadde inngang i gavlen mot vest.





0 1 2m

37 Straumestølen

Modalen kommune

A, B FRÅSEGN OM TO HUS NOYAKTIG PLASSERING KANDE MÅLT
A EIT SEL
B EIT KOKEHUS
C NOVERANDE PROVISIONISK BRYGGE



A horizontal scale bar with three major tick marks. The first tick mark is labeled '0'. The second tick mark is labeled '5'. The third tick mark is labeled '10m'. There are two unlabeled tick marks between the labeled ones, creating four equal segments.

situasjon - hus nr. (40) - (41)




Straumestølen ligg tett ved og på vestsida av det lange Steinslandsvatnet. I dag går det bilveg forbi stølen. Vollen er ved å gro til med orekratt og bjørk. Terrenget er kupert. Det er tørt lende. Ei elv renn ut i vatnet sør for husa. Det er to sel her. Båe er lafta og har sperretak. Kvart av sela har tre rom. Det eine er bygd innunder ei stor steinblokk, det andre ligg på

ein 1½ meter høg steinmur nede ved vatnet. Det er vidare fråsegn om eit sel og eit kokehus som har stått nord for desse.

Straumestølen høyrer til gardane Straume og Steinsland.

Straumestølen omlag 120 m.o.h.





40 sel

BYGGEÅR: 1915

EIGAR: ODDMUND STEINSLAND

Modalen

Gnr. 84, bnr. 1, 2

Dette selet er bygd nært under ei stor steinblokk. Alle veggane er lafta, og huset har sperretak med mønsås. Det er torvtekt. Det er omn i den søre stova. Tilbygget av lette trekonstruksjonar er do og vedbu. Selet vert i dag nytta som feriehus.



41 sel



BYGGEÅR: Omlag 1920

EIGAR: INGVAR STRAUME

Straume, Modalen



Gnr. 82, bnr. 4

Selet har ei lafta stove på kvar side av eit midtrom som er bygd av enkle bordveggar. Taket har sperrekonstruksjon, og det er tekt med torv. Sørveggen av selet er panelt utvendes.



38 Kroken

Modalen kommune



0 5 10m


situasjon - hus nr. 42)- 43)



Stølen er bygd på ein oppstikkande fjellrygg i ein liten myrlendt dalbotn. På både sider av ryggen ligg det myrer. I sør er det utsyn til Tverrådalen. Terrenget elleser kupert og steinfullt. Oppstigninga frå vegen nede i Modalen er bratt, men stien er god. Av to hus ligg det eine i ruin. Det som står, er bygd i

1934 i stenderverk. Det andre som var eit kokehus, har hatt stavkonstruksjon og torvtak. Stølen er felles for alle på Øvre Helland. Kraftutbyggjing vil føra til at elva vert borte.

Kroken omlag 530 m.o.h.






42 sel

BYGGEÅR: 1934

EIGAR: BRUKARANE PÅ ØVRE
HELLAND
Modalen
Gnr. 81

Dette selet har to rom. Det er oppført i stenderverk med utvendes liggjande panel. Det inste rommet har også panel innvendes. Selet har sperretak med mønsås og det er tekt med torv.





43 tuft

BYGGEÅR: 1935


EIGAR: BRUKARANE PÅ ØVRE
HELLAND
Gnr. 81

Dette er restar etter eit kokehus. Det har vore oppført i stavbygg og har hatt torvtak.



39 Tverrådalen

Modalen kommune



0 5 10m

situasjon – hus nr. (44) – (48)




Stølen ligg i enden av ein fjelldal i eit område der det er avsett store grusmengder. Rundt ikking på området er det store steinblokker. Terrenget er kupert, men likevel oversiktleg. Marka er tørr. Bjørkeskogen tek til i lia lengre nede i dalen. Det er godt beite i området, og ein har eit storfelt utsyn mot Modalsfjella. Ei elv renn i ei grov på vestsida av stølen. Til

Tverrådalen er det felles stølsveg med Kroken til omlag midtvegs i lia opp frå Modalen.

Stølen har fem bygningar. Av desse er to att berre som grunnmurar. Dei tre andre er tømmerhus med sperretak. Stølen hører til Øvre Helland. Elva forbi stølen skal tørrleggjast ved kraftutbyggjinga.

Tverrådalen omlag 540 m.o.h.





44 sel

BYGGEÅR: 1910

EIGAR: OLE Ø. HELLAND
Modalen
Gnr. 81, bnr. 1, 2

Selet har hatt innsel og skot. I dag står berre innselet att. Det er lafta og har sperretak med torvtekking. Austveggen er panelt utvendes med stående panel. Det er merke etter inngangsdøra på vestsida av skotet.



45 tuft

BYGGEÅR: 1910

EIGAR: BRUKARANE PÅ ØVRE
HELLAND
Modalen
Gnr. 81

Desse murane er restar etter eit mjølkerom.








46 sel




BYGGEÅR: 1939

EIGAR: GUNNAR Ø. HELLAND
Modalen
Gnr. 81, bnr. 4

Selet har innsel og skot. Innselet er lafta, skotet er bygd i stenderverk. Det er sperretak med torv på huset. Utvendes er selet panelt. Ein bordvegg deler skotet i to rom. Det inste har tregolv, det ytste har hellegolv.



0 1 2m



47 tuft


BYGGEÅR: 1910

EIGAR: RASMUS LODDEN
Stord
Gnr. 81, bnr.

Dette er ein svært god grunnmur etter
eit sel.

48 sel

BYGGEÅR: OMLAG 1910

EIGAR: JOHS. Ø. HELLAND
Modalen
Gnr. 81, bnr. 3, 6


Selet har tre rom. I kvar ende av huset
er ei lafta stove. Midtrommet er bygd
med enkel bordvegg. Selet har sperre-
tak og bølgjeblekplater. Den nordre
stova har fått to ekstra omfar.





Vårstølen ligg på ei elveslette i ein dalbotn. På andre sida av elva går bilvegen mellom Nåmdal og Nygard. To av husa ligg inntil dalsida og bjørkeskogen, det tredje på ein tørr svabergrygg ved elva. Sletta elles er myrlendt. Ein stig følgjer elva søretter eit par hundre meter og kryssar over ei provisorisk bru lengre nede.

To av bygningane er lafta og har sperretak. Det tredje, kokehuset, er ein stavkonstruksjon. Stølen hører til Nåmdal. Ved kraftutbyggjinga vert elva på det nærmeste tørrlagt.

Vårstølen omlag 330 m.o.h.








situasjon - hus nr. (49) - (51)

0 5 10m

40 Vårstølen



0 1 2m

49 kokehus

BYGGEÅR: Omlag 1930
 EIGAR: EILIF NÅMDAL
 Modalen
 Gnr. 82, bnr. 1

Dette kokehuset er oppført i stavbygg, og det har sperretak med torvtekking. Rommet har jordgolv, og det er hol for omnsrør i mønet nær den sørvestre gavlen.

**50 sel**


BYGGEÅR: 1903
 EIGAR: EILIF NÅMDAL
 Modalen
 Gnr. 82, bnr. 1

Selet har innsel og skot. Innselet har lafta veggar, skotet er bygd i stenderverk og har enkel bordvegg som seinare er isolert med glasvattmarter. Taket har sperrekonstruksjon og mœnsås, og det er tekt med torv. Selet vart vølt omlag 1930.

**51 sel**

BYGGEÅR: Omlag 1939
 EIGAR: BJARNE NÅMDAL
 Modalen
 Gnr. 82, bnr. 2

Selet har tre rom og eit vedskott. Den sørvestre stova har lafta veggar, resten av huset er oppført i stenderverk. Selet er panelt utvendes. Den nordvestre stova har også innerkledning. Huset har sperretak med mœnsås og bølgjeblekkplater. Selet har loddpipe.



Copyright © Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979.
1. opplag. 1979. 2 000 eksemplar.

Denne rapporten er trykt med tilskott frå Sogn og Fjordane Fylke.

